

Økonomiplan for 2020 — 2023 med årsbudsjett 2020, Voss herad



Voss herad

Innhold

Innhold.....	1
Prosjektrådmann si innleiing.....	2
Budsjettvedtak	4
Plangrunnlaget	14
Finansielle måltal.....	18
Prisar og gebyr.....	18
Investeringar i økonomiplanen	23
Hovudtal i budsjettforslaget.....	30
Økonomisk utvikling i planperioden	36
Tenesteområda i kommunen	38
Administrasjon og leiing.....	38
Plan, næring og forvalting	42
Samferdsel.....	44
Eigedom og bustad.....	48
Brann og ulukkesvern	51
Vatn, avlaup og renovasjon.....	54
Politisk styring	57
Finansielle postar/økonomi	59
Grunnskule	61
Barnehage	68
Barne- og familietenestene.....	72
Integrering og vaksenopplæring	77
Helse	80
Omsorg	83
Sosialtenester	89
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	93

Prosjektrådmann si innleiing

Budsjettet for 2020 er ei vidareføring av økonomiplanen som fellesnemnda vedtok i juni 2019. Dette var den fyrste økonomiplanen for Voss herad og planen syner prioriteringane for heradet sine fire første leveår. Med ny kommune, ny politisk organisasjon, nytt heradsstyre og ny administrativ organisasjon er me inne i ein spennande periode. Mange ark er skrivne på nytt og visjonar, mål, strategiar er kvesste og ambisjonane ligg litt høgare enn før.

Som varsla då økonomiplanen vart lagt fram har det skjedd mange endringar i perioden fram til no. Med bakgrunn i at dette er den fyrste økonomiplanen i ein ny kommune så finst det ikkje eit godt historisk samanlikningsgrunnlag. Voss og Granvin har vore to sjølvstendige og forskjellige kommunar med litt ulik organisering og i tillegg litt ulike kontoplanar. Det har derfor ikkje berre vore å plussa saman to budsjett. Alt er bygd opp frå botnen av. Eit berande prinsipp i dette arbeidet har vore å byggja eit realistisk budsjett. Det betyr at det er forsøkt å gje Voss herad eit utgangspunkt med eit budsjett som er tilpassa terrenget, i staden for å prøva å fortelja terrenget korleis det skal sjå ut gjennom å teikna kartet fyrst. Dette har ført til at det tilsynelatande kan ha skjedd ein del endringar av teknisk karakter utan at politikken eller tenestene er endra.

Sjølv om Voss herad startar si ferd med relativt blanke ark er det ikkje til å koma frå at koffertane er relativt ferdigpakka. Voss kommune og Granvin herad er ikkje to økonomisk spreke pensjonistar. I realiteten blir kommunane avslutta med ein situasjon der er kostnadane er større enn inntektene, og der det finst mange naudsynte behov som ikkje blir stetta. Det er òg gjort vedtak i begge kommunane som er viktige for tenestetilbodet, men som vil få full kostnadseffekt i den nye kommunen. På dette viset er dei mest openberre innsparingane frå samanslåinga allereie disponert.

Det er mykje usikkerheit i økonomien i oppstarten av Voss herad. Spesielt dei fyrste åra må det visast mykje nøysemd i budsjetteringa. Berre «må-tiltak» bør prioriterast. «Bør- eller kan-tiltak» bør utsetjast til ein er trygg på at ein er i balanse. Det vil vera ein god måte å sikra eit stødig økonomisk fundament som kan liggja i botnen når me skal byggja verdas beste herad.

Det at budsjettet er bygd opp heilt på nytt tilseier at noko risiko for uventa overraskinga i løpet av året er eliminert, men samstundes er ein del bufferar som låg i budsjettet fjerna slik at ein er dårlegare rusta dersom noko uventa skulle skje. Og uventa tings skjer heile tida. Kommunekvarden er langt frå grå og kjedeleg og statisk. Vær, statleg politikk og ressurskrevjande brukarar er eksempel på små tuer som kan velta store lass.

Voss herad blir kanskje ikkje rik på pengar av at Voss og Granvin slår seg saman, men det blir ein kommune rik på kunnskap, tradisjonar og ambisjonar. Voss herad blir ein heilt unik kommune. Kommunar av denne storleik som allereie har så mykje, men likevel har så mange fleire moglegheiter, er sjeldan vare. I dette biletet må me ikkje gå i den fella at me brukar meir tid på å snakka om ressursane me ikkje har, enn dei me faktisk har. Det blir ikkje meir ressursar av å snakka om det me ikkje har, men me kan skapa ei kjensle av å ha meir ressursar til rådevolde om me forvaltar dei me har rett.

Voss herad startar med eit driftsbudsjett på om lag kr 1,4 milliard. Me kan i hovudsak skaffa oss større økonomisk handlingsrom gjennom å angripa kostnadane på tre ulike frontar. Den som gjev størst effekt, men som regel er vanskelegast er strukturendringar. Kommunesamanslåing er det største eksempelet på ei strukturendring, men det finst mange andre eksempel på strukturinnsparingar i ein kommune der ein utnyttar moglegheitene for stordriftsfordelar. Ulempene er ofte at slike endringar står i kontrast til andre politiske mål.

Den andre måten å redusera kostnadene på er å redusera tenestenivå/auka brukarbetaling. Eksempel på dette er standard på vegar, kriteria for tildeling av tenester, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type endringar er merkbare for brukarar og kan vera vanskelege å få gjennomslag for politisk.

Effektivisering av organisasjon og prosessar er den tredje måten å redusera kostnadene på. Dette handlar om å levera tenester til minst like god kvalitet som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enkleste måten å veda politisk og påverkar brukarar i mindre grad og tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleis ein utfører arbeidet kan ein oppnå innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å henta ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er absolutt overkommeleg så lenge ein viser stort tolmod. Godt utøvd leiarskap er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Voss herad blir difor ei viktig prioritering for rådmannen.

For å skaffa auka økonomisk handlingsrom i Voss herad er det lagt inn krav til effektivisering på alle tenesteområde i økonomiplanperioden. Kravet til innsparing i prosent er større for administrasjon enn det er for dei andre tenesteområda. Dette er først og fremst fordi ein over tid og gjennom naturleg avgang ser for seg å kunna henta ut endå meir gevinstar frå kommunesamanslåinga enn det som allereie er henta ut.

Investeringsbehova for dei fyrste åra til Voss herad ligg langt over evna. Ideelt sett skulle det vore rom for mykje meir enn det som ligg i framleggget. Veldig få av investeringane som ligg i planen fører til reduserte driftskostnadene. Det nye heradsstyret bør påleggja seg sjølv krav om at investeringar skal utførast i ei minimalistisk ånd, og at investeringane er mest mogleg sjølvfinansierande gjennom at den fører til innsparingar i struktur, tenestenivå eller effektivisering.

Heilt sentralt i arbeidet med Voss herad vil vera evna og viljen til endring. Den svenske trendanalytikar og futurolog Magnus Lindkvist har mellom anna laga ei «oppskrift» på korleis ein kan lukkast når det skal skapast noko nytt og noko som varer over tid:

1. **Framsikt** - sjå langt fram i tid og forstå at ting kjem til å bli annleis. Desto lengre framover du ser, desto opnare til sinns må du vera.
2. **Ideblanding** - innovasjon skjer i ein fusjon mellom mange ulike idear. Spenning, friksjon og konflikt er teikn på at idear blandar seg.
3. **Eksperimenter** - kast brukarmanualen og prøv deg fram. Prøv å utfordra lover og reglar, sjå etter moglegheitene, og gløym alt som kan skapa problem ei stund.
4. **«Misslyckandeåtervinning»** - nokon av verdas største kommersielle suksessar kom som resultat av vidareutvikling av produkt som hadde misslukkast totalt. Me har blitt veldig fokusert på å byggja vidare på suksess, eller læra av dei som har lukkast. Det kan ligga minst like mykje lærdom hjå dei som har misslukkast.
5. **Tolmod** - sei aldri at «dette har me prøvd før», og forvent heller ikkje alltid resultat med ei gong. Endringar, omorganiseringar, omlegging frå behandling til førebygging, eller innføring av nye system treng tid for å setja seg. Av og til kan det til og med bli litt verre før det blir betre, men då må me visa tolmod og tru på det me held på med.

Motivasjon for å driva godt arbeid handlar om å gje nok plass til å ”återvinna” og finna vegen igjen når noko har gått gale eller ikkje vart slik me ønskte det. Me må ha ei plattform for kommunalt arbeid som gjev rom for å ”misslyckas” for å kunna skapa noko betre og finna nye effektive og lønsame måtar å gje gode tenester til innbyggjarane i kommunen.

Arild McClellan Steine, Rådmann Voss herad

Budsjettvedtak

Slik vert økonomiplan vedtatt. Her finn du gode oversikter over sentrale postar, resultat, fordeling per tenesteområde og investeringar.

Voss heradsstyre handsama saka 12.12.19 og vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringar.

Generelle vedtak

Gjennom handlingsprogrammet vedtar Voss heradsstyre årsbudsjett for 2020, og økonomiplanen for 2021-2023 med budsjetttramme for kvart tenesteområde. Handlingsprogrammet for 2020-2023 vert vedtatt med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet.

Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenesteområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema 1A og 1B. Rådmannen får fullmakt til å fordela driftsramma frå tenesteområda til organisatoriske avdelingar.

Rådmannen får fullmakt til å fordela lønsjusteringspott og fellesutgifter på tenesteområda. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsætt eller kommunale rekneskapsstandardar.

Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema 2 A og 2 B. Rådmannen får fullmakt til å fordela investeringsramma på investeringsprosjekt.

Budsjettet er bindande og kan berre endrast av heradsstyret, eller i samsvar med reglement for delegering av økonomiske og administrative fullmakter. Gjennom året skal rådmannen leggja fram tertialrapportar som gjer greie for heradet si økonomiske stilling for heradsstyret.

Drifts- og investeringsrammene for 2021-2023 gjev retning for vidare budsjettarbeid gjennom årleg rullering av økonomiplan.

Skattevedtak

Skatt på inntekt og formue til kommunen vert utlikna etter maksimale satsar fastsett av Stortinget for 2020.

Voss herad vedtek å endra sats for marginavsetnad frå 10 til 9 %.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2020 skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen med følgjande vilkår gjeldande for 2020:

- Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eigedomsskattelova § 11 første ledd. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 4,0 promille, jf. Eigedomsskattelova § 12a.
- Heradsstyret fritek eigedommar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2020.
- Bustader skal verdsetjast etter eigedomsskattelova § 8 A-3 (1). For 2020 vert tidlegare Voss kommune, Granvin herad og Ullensvang herad (Oksenhalvøya) si verdifastsetjing som var grunnlag for utskriving av eigedomsskatt i 2019 vidareført.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

- Egedomsskatt skal skrivast ut i tre terminar, saman med kommunale avgifter, med forfall 20.03, 20.06 og 20.10.
- Dersom Finansdepartementet tillet å gjera kontorjustering i overgangsperiode for kommunesamanslåing, skal det gjerast ei oppjustering av skattegrunnlaget på egedomar (kontorjustering) lik 10 % med verknad frå 2020.
- Egedomsskatt skal skrivast ut på skattepliktig næringsdel i tidlegare skattlagde verk/ bruk j.f annet ledd i overgangsregel egedomsskattelova §§ 3 og 4.

I medhald av egedomsskattelova §§2 og 3, og med bakgrunn i lovforslaget om ny overgangsordning for samanslårte kommunar i egedomsskattelova § 13 tredje ledd, vert det fatta vedtak om å starte overgangsperiode for harmonisering av egedomsskatt i 2020. Promillesats vert harmonisert i 2020, medan skattegrunnlaget vert harmonisert i 2021.

Låneopptak

Voss heradsstyre godkjenner ei låneramme på 61 mill. kroner for å finansiere nye netto løyve til investeringar i 2020.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

Gebyr, avgifter og brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling vert fastsett ut i frå gjeldande lovar, forskrifter og retningsliner, og i samsvar med framlegget i budsjett dokumentasjon. Fullstendig prisliste for tekniske tenester vert lagt fram som eige sak.

Budsjettfullmakter

Rådmannen får fullmakt til å selja heimfallskraft konsesjonskraft i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden

Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

Spesifikke vedtak

Heradsstyret ber rådmannen leggja fram sak om ulike måtar å løysa tilbodet om skulebibliotek for elevane i grunnskulen.

Heradsstyret bestiller ei sak frå rådmannen der samanslåing av Vossabadet KF og Voss idrettshall KF i eitt kommunalt føretak vert vurdert.

Granvin legekontor fortset som utekontor to dagar i veka. Ordninga skal evaluerast årleg. Evalueringa skal ta stilling til bemanning/rekruttering, økonomi, kapasitetsutnytting og behov for utstyr. Tiltaket vert finansiert med kr 300.000 per år.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Voss herad skal ta i mot inntil 30 flyktninger i 2020.

Vedtekne endringar ut over rådmannen sitt framlegg

Drift:

Halda oppe lækjarkontor i Granvin	300 000
Mellombels barnehage på Bolstad (900.000 for 2021)	500 000
Barnetrygd ikkje med i inntektsgrunnlaget for sosialhjelp	1 100 000
Delta i Klimapartner-Vestland	60 000
Etablering av desentralisert høgskuletilbod på Voss	80 000
Universell utforming	500 000
Etablerarlos	300 000
Sum auka drift årleg	2 840 000

Eingongstiltak 2020:

Klimapott	500 000
Kommunale vegar	1 000 000
Tinghusplassen	1 000 000
Tilskot festivalane	150 000

Sum totalt drift 2020	5 490 000
------------------------------	------------------

Finansiering:

Reduksjon digitalisering	500 000
Reduksjon overføring til kontrollutvalet	500 000
Reduksjon ubundne fond	4 490 000
Sum	5 490 000

Bygdeutviklingsfondet for Granvin blir sett til 10 mill.kr.

Investeringar:

- Me legg til grunn at både investering på Vangen skule og Voss Ungdomsskule startar opp i 2020. Rådmann må koma attende ila 2020 om auka ramme.
- Det vert lagt opp til investering i Bolstad barnehage for ein mellombels barnehage.
- Bolstad barnehage 2 500 000 – finansiert med fondsmidlar

Verbalframlegg

Bokbussen:

Bokbussen er ein stor suksess. Han er mykje brukt, utlåna er store, og han er viktig for å auka leselysta blant elevane. Slik har det vore i mange år. Det har også vore gjort mange budsjettvedtak opp gjennom

åra om at bokbussen skal halda fram. Dette står fast, bokbussen er ei teneste me skal verna om. Dagens buss er gamal, men vil kunna halda ei tid til. Voss heradsstyret vil ved neste handsaming av økonomiplanen vurdera når innkjøp av ny buss skal inn på investeringsbudsjettet.

Permanent barnehage i vest:

Heradsstyret ber om at det vert greidd ut framtidig barnehageløysing vest for sentrum.

Heiltidskultur:

Voss herad skal etablira ein heiltidskultur. Heradsstyret ber rådmann om å orientera om konkrete tiltak som vert sett i verk i løpet av 2020. Rådmannen må leggja fram data for no-situasjonen, slik at heradstyret kan måle utviklinga.

Lærlingar og praksisplassar:

Voss herad har potensial til å få langt fleire lærlingar. Rådmann vert beden om å orientera heradsstyret i løpet av 2020 om kva som er gjort for å få fleire lærlingar og praksisplassar samt planane for 2021.

Livssynsnøytralt seremonirom:

Det skal vurderast korleis eksisterande bygg kan nyttast som plass for livssynsnøytralt seremonirom.

Barnehage i Granvin:

Plassering må vedtakast i eiga sak i Voss herad.

Private barnehagar:

Dei private barnehagane er finansiert på grunnlag av kommunen sine rekneskapstal to år tilbake i tid, noko som gir store utfordringar på grunn av bemannings- og kompetansereforma, som dei ikkje har fått finansiert, men krav om å gjennomføra. Rådmann vert beden om å greia ut kor mykje midlar som må til for å dekke opp etterslepet.

Finansieringsordningar for ressurskrevjande brukarar og private barnehagar:

Mykje tyder på at den statlege finansieringa av brukarstyrt personleg assistent, tiltak overfor ressurskrevjande brukarar og til finansiering av private barnehagar er sterkt underfinansiert. Heradsstyret ber om notat om korleis finansieringsordningane for brukarstyrt personleg assistent, ressurskrevjande brukarar og private barnehagar påverka Voss herad sitt budsjett. På grunnlag av dette vil Voss herad ta initiativ overfor statlege styresmakter med mål om å retta opp denne underfinansieringa.

Heilskaplege tenester:

Voss herad har ein overordna strategi der folk skal kunne bu heime så lenge som mogleg. For å få det til på ein god og trygg måte må det og vera ein strategi for korleis kommunen legg til rette for at dette skal vera mogleg. God samordning mellom ulike kommunale tenester er avgjerande i så måte

Gamlekinoen:

Heradstyret ber rådmannen leggja fram ei sak om planar på framdrifta av oppussinga av Gamlekinoen.

Festivalar:

Heradet utarbeider oversikt over kva økonomisk støtte dei tre store festivalane Vossajazz, Ekstremsportveko og Osafestivalen har.

Det vert sett av 150.000 i tilskot til eventuelt fordeling mellom festivalane.

Unytta ressursar

Minst 5 % av alle nye tilsetjingar i Voss herad bør vere tilsetjingar av personar som av ulike grunnar har hol i CV-en sin, funksjonshemmingar eller andre utfordringar som gjer at dei har ekstra utfordringar når det gjeld å koma seg inn på eller attende til arbeidsmarknaden.

Oversending til utval for klima og miljø:

Det må vidare lagast eigne strategiar for drifta til Voss herad i høve til klima på mellom anna:

- Om mogeleg rehabilitering av eksisterande bygg i staden for nybygg
- Nullutslepp og fossilfrie kommunale køyretøy og anleggsstader
- Innfasing av nullutslepp køyretøy i kommunalt drift ved nykjøp
- Ved fornying av kommunal “Bokbuss” må denne vera av typen nullutslepp
- Sykkelstrategi for Vangen og bygdesentra med tilrettelegging og eigen “Bygdasykkel”.
- Pollineringsstrategi for å ta vare på bier og insekt
- Plaststrategi for å fasa ut bruken av eingongsplast
- Om mogeleg bruk av fossilfrie tenestereiser for kommunalt tilsette
- Utvida bruk av digitale møte for å redusera unødvendige kommunale tenestereiser.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

1A Bevilgningsoversikt - drift

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Rammetilskudd	-489 543	-507 959	-525 413	-525 413	-525 413	-525 413
Inntekts- og formuesskatt	-413 935	-407 092	-439 130	-440 140	-441 330	-442 330
Eiendomsskatt	-64 796	-62 834	-67 672	-70 883	-73 460	-73 460
Andre generelle driftsinntekter	-59 239	-53 488	-73 931	-49 002	-47 751	-48 501
Sum generelle driftsinntekter	-1 027 513	-1 031 373	-1 106 146	-1 085 438	-1 087 954	-1 089 704
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	983 032	999 850	1 043 040	1 026 938	1 028 315	1 024 315
Avskrivninger	57 602	45 685	45 685	45 685	45 685	45 685
Sum netto driftsutgifter	1 040 634	1 045 535	1 088 725	1 072 623	1 074 000	1 070 000
Brutto driftsresultat	13 121	14 162	-17 421	-12 815	-13 954	-19 704
Renteinntekter	-15 857	-17 287	-15 837	-15 837	-15 837	-15 837
Utbrytter	-10 451	-9 370	-9 870	-10 370	-10 370	-10 370
Renteutgifter	21 927	27 062	29 360	28 860	28 860	28 860
Avdrag på lån	50 833	51 534	53 620	53 620	53 620	53 620
Netto finansutgifter	46 453	51 939	57 273	56 273	56 273	56 273
Motpost avskrivninger	-57 602	-45 685	-45 685	-45 685	-45 685	-45 685
Netto driftsresultat	1 972	20 416	-5 832	-2 226	-3 365	-9 115
Overføring til investering	2 391	0	10 900	8 400	8 400	8 400
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-9 139	-12 744	5 412	2 527	2 527	1 527
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	2 031	-7 672	-10 480	-8 701	-7 562	-812
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-4 717	-20 416	5 832	2 226	3 365	9 115
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-2 745	0	0	0	0	0

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

1B Bevilgninger - drift

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Administrasjon og leiing	77 036	105 639	82 767	72 257	72 257	68 757
Plan, næring og forvalting	24 806	22 412	25 923	25 442	25 442	25 442
Samferdsel	32 129	33 992	31 714	33 514	33 414	33 114
Eigedom og bustad	18 079	16 756	21 557	19 757	19 457	19 257
Brann og ulukkesvern	12 434	12 573	13 418	13 418	13 418	13 418
Vatn, avlaup og renovasjon	-5 933	-3 934	-3 813	-3 813	-3 813	-3 813
Politisk styring	11 724	10 280	7 605	7 605	7 605	7 605
Finansielle postar/økonomi	-30 705	-39 760	-40 898	-42 039	-45 462	-45 462
Grunnkule	233 374	230 281	247 685	246 055	246 055	246 055
Barnehage	125 957	128 892	139 272	139 115	141 315	141 315
Barne- og familienestene	54 844	52 068	57 118	56 868	56 868	56 868
Integrering og vaksenopplæring	18 665	13 425	11 476	6 778	6 578	6 578
Helse	36 205	34 296	39 368	39 118	39 118	39 118
Omsorg	346 166	340 882	361 460	361 390	364 390	364 390
Sosialtenester	35 618	35 566	41 214	40 764	40 964	40 964
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	50 695	43 888	49 704	49 304	49 304	49 304
Sum bevilgninger drift, netto	1 041 095	1 037 256	1 085 567	1 065 530	1 066 907	1 062 907
Herav:						
Avskrivinger	62 613	45 533	45 533	45 533	45 533	45 533
Netto renteutgifter og -inntekter	1 671	1 621	1 571	1 571	1 571	1 571
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 001	-6 220	-3 487	-6 372	-6 372	-6 372
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-2 219	-3 527	-1 090	-2 140	-2 140	-2 140
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	983 032	999 850	1 043 040	1 026 938	1 028 315	1 024 315

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

2A Bevilgningsoversikt - investering

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Investeringer i varige driftsmidler	0	0	99 540	89 001	137 076	99 575	122 075
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	0	3 400	0	0	0
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	0	0	99 540	92 401	137 076	99 575	122 075
<hr/>							
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0	-15 535	-25 260	-17 775	-22 275
Tilskudd fra andre	0	0	-45 940	-800	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	0	0	0	-83 167	-111 817	-81 800	-99 800
Sum investeringsinntekter	0	0	-45 940	-99 501	-137 076	-99 575	-122 075
<hr/>							
Videreutlån	0	0	0	18 000	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	9 000	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	-9 000	0	0	0
Netto utgifter videreutlån	0	0	0	18 000	0	0	0
<hr/>							
Overføring fra drift	0	0	0	-10 900	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	-6 800	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	0	-6 800	-10 900	0	0	0
<hr/>							
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	0	0	46 800	0	0	0	0

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Bevilgninger - investering

Betøp i 1000

	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020- 2023
Rehabilitering skule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	0	0	18 750	18 750
Ungdomsskulen idrettsfløy prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	6 250	37 500	43 750	0	87 500
Rehabilitering grunnskule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	0	17 500	0	17 500
Brannstasjon Vossestrand	0	4 375	3 750	0	0	8 125
Lagerbygg BOE og driftsavd Istadmyrane, fullfinansiering	0	14 875	0	0	0	14 875
Kommunalt kjøkken	0	0	42 500	0	0	42 500
Barnehage Granvin	0	23 750	23 750	0	0	47 500
29. Rehabilitering av toalett i skulane	0	0	2 500	2 500	2 500	7 500
31. Tiltak skulebygg, KST sak 58/17	0	3 750	3 750	0	0	7 500
35. Brannstasjon	0	0	0	11 250	76 250	87 500
8. It investeringar 2020	0	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Inventar/utstyr skuler og barnehager	1 000	1 751	1 751	0	0	3 503
Rehab tak-Skulestad skule	3 000	2 500	2 500	3 750	3 750	12 500
Miljøretta helsevern/større vedl. ute/inne	0	1 250	1 250	2 500	2 500	7 500
Biler helse og omsorg	700	700	700	700	700	2 800
Velferdsteknologi	2 000	2 500	0	0	0	2 500
Kommunalt kjøkken	2 000	0	0	0	0	0
Utstyr institusjoner (inv.)	600	750	750	750	750	3 000
Brannsikring Voss kyrkje	0	3 750	0	0	0	3 750
Feiarbil	0	550	0	0	0	550
Utskifting kinoframvisar	0	1 750	0	0	0	1 750
Felles IT anlegg	1 500	0	0	0	0	0
Ventilasjon vettleflaten	0	1 000	0	0	0	1 000
Bolstad barnehage	0	3 125	0	0	0	3 125
Nye Vossababet	1 300	0	0	0	0	0
Kjøp nye bilar	6 800	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
Naudstraumsagggregat beredskap (inv.)	2 600	0	0	0	0	0
Tilpass. for elevar m/særlege behov	1 000	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Udlabutomta	35 000	0	0	0	0	0
Lundhaugen omsorgsbustader	28 540	0	0	0	0	0
Hovudplan vatn	3 000	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
Hvoudplan avlaup	3 000	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
Standardh.bruer (inv.)	1 500	0	0	0	0	0
Gulfjordungsvegen-fortog	1 500	0	0	0	0	0
Diverse anlegg - vegfond	4 000	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Fartsdumpar - Trafiksikring	500	625	625	625	625	2 500
Sum 2B	99 540	89 001	137 076	99 575	122 075	447 728

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Tilskudd til andres investeringer

Beløp i 1000

Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020-2023
Sum 2B	0	0	0	0	0	0	0

Investeringer i aksjer og eiendeler

Beløp i 1000

Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020- 2023
Aksjekjøp	0	0	3 400	0	0	0	3 400
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	3 400	0	0	0	3 400

Utlån

Beløp i 1000

Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan Sum 2020-2023
Sum 2B	0	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Investeringsplan vert vedtatt med brutto rammer per tenesteområde i samsvar med tabell under:


Tenesteområde	Brutto investeringar 2020
1 Administrasjon og leiing	1 875 000
2 Grunnskule	14 251 250
3 Barnehage	23 750 000
7 Omsorg	4 950 000
9 Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	5 500 000
11 Samferdsel	2 500 000
12 Eigedom og bustad	18 375 000
13 Brann og ulukkesvern	4 925 000
14 Vatn, avlaup og renovasjon	6 000 000
Totalsum	82 126 250

Plangrunnlaget

Korleis er økonomiplanan kobla mot andre planar og føringar for kommunen? Her finn du også målsettingar innafor fokusområda økonomi og medarbeidarar

Visjon

Økonomiplanen for 2020-2023 er ein handlingsplan for kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen for Voss herad er ute til høyring og utkastet gjev mål og føringar for prioriteringar og tiltak dei 12 neste åra. Kommuneplanen er tett kopla mot FN sine 17 berekraftsmål ([FN sine berekraftsmål](#)). Alle mål og delmål kombinerer dei tre dimensjonane som krevst i ei berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Mål frå utkast til kommuneplan er tatt med i dei ulike tenesteområda.



Hovudmålet i Voss herad er å vera eit sterkt og attraktivt regionsenter. Voss er ei kulturgebyrd og ein reiselivsdestinasjon – der tradisjon og utvikling går hand i hand. Sjølv om heradsorganisasjonen sitt

samfunnsoppdrag endrar seg i eit roleg tempo, endrar omgjevnadane seg i eit større tempo. Menneske, teknologi, infrastruktur, næringer, trendar og haldningar er i kontinuerleg endring. Heile Voss herad og heradssenteret Vossevangen må oppretthalda posisjonen som ei drivkraft for vekst i regionen både ovanfor eigne lokalsenter og nærsenter, men òg for nabokommunar. Strategiane for å nå hovudmålet er delt i tre kategoriar, attraktive, innovative og inkluderande Voss.

Berekraftsmåla skal saman med dei tre satsingsområda, attraktive, innovative og inkluderande Voss, føra til at Voss herad vert eit sterkt regionsenter. Voss vert ikkje eit sterkt regionsenter utan å vera berekraftig. Voss vert heller ikkje attraktiv utan å vera inkluderande. Dei ulike elementa må difor jobba saman for at me når måla for heradet, og for at Voss herad gjer sitt bidrag til samfunnsutviklinga utanom kommunegrensene. Dette kan illustrerast som vist i figuren under.



Økonomi

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å halde på, og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseieleg økonomiske politikk gir god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Voss og Granvin har hatt ein robust økonomi i fleireår, men åra 2018 og 2019 har vore utfordrande for Voss kommune då driftstutgiftene har auka betydeleg, samtidig som sentrale inntekter har vore ganske stabile. For å skape økonomisk handlingsrom og bærekraftig økonomi er det naudsynt å jobbe med:

- Effektivisering og forenkling av arbeidsprosessar - tenesteinnovasjon
- Å prioritere meir mellom tenester for å redusere utgiftsnivå
- Å hente ut vinstar med kommunesamanslåinga - strukturendringar
- Langsiktig planlegging
- God økonomistyring

God økonomistyring vil bidra til eit godt driftsresultat, og til å halde eit godt økonomisk handlingsrom for Voss herad. Dette er ein føresetnad for å bygga opp eit godt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar. Handlingsreglane for økonomistyring går ut på at tenesteområda skal styra innafor vedtatt budsjettramme og at negative avvik ikkje er akseptert.

Medarbeidarar

Voss herad skal vera ein attraktiv og god arbeidsplass og ein innovativ og endringsdyktig organisasjon med høgt meistringsklima og kultur for kontinuerleg forbetring.

Verdiane våre er: profesjonell-påliteleg-skapande-inkluderande

Organisatoriske målsetjingar og satsingsområde for Voss herad:

Tillitsskapande organisasjon med høg måloppnåing - Profesjonelle og med høg etisk standard

Det å vera ein tillitsskapande organisasjon er ei viktig målsetjing for Voss herad. Tillitsskapande arbeid mellom administrasjon og folkevalde og mellom kommune og innbyggjarar vil gi positive ringverknader. Det skal mellom anna utarbeidast plan for forankring av nye etiske retningslinjer i heile organisasjonen. Det å ha ein høg etisk standard betyr at dei etiske retningslinjene vert brukt aktivt i alt arbeid.

Evne og kapasitet til strategisk leiing og styring - Stabs- og støttefunksjonar med riktig storleik, og ei organisatorisk plassering som fremjar heilskap, effektivitet og fagleg tyngde

Stabane i Voss herad er organisert på ein ny måte i høve til slik det var i Granvin herad og Voss kommune. Ei viktig satsing i perioden vert å byggja dei nye stabane for å sikra rett kompetanse, ressursar og dimensjonering for effektiv ressursbruk og tilstrekkeleg leiarstøtte til linjeorganisasjonen. Det vil verta arbeidd for å byggja felles kultur og identitet for medarbeidarane som både kjem frå ulike delar av linjeorganisasjonen og frå begge dei gamle kommunane.

Organisering etter målgrupper

- Effektiv og kvalitativ tenesteyting med god brukarinsikt
- Effektiv, tilgjengeleg og rettvis forvalting

- Voss herad har ei heilskapleg og koordinert areal-, samfunns- og tenesteutvikling som legg vekt på gode arbeidsprosesser på tvers av fag- og tenesteområda.

Det skal utviklast ein framtidsretta styringsmodell for å sikra at måla til Voss herad vert nådd, og at internkontrollen er systematisk og tilpassa storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforholda til kommunen

Pålitelege og med høg gjennomføringskondis, og kommunikasjon prega av openheit, gjennomsiktigkeit og klart språk

Ei viktig satsing vert å byggja ein kultur som set alle tilsette i Voss herad i stand til å bruka klart språk i all kommunikasjon med tenestemottakarar og innbyggjarar. Dette gjeld tekstar på nett og i sosiale media, svarbrev frå kommunale tenester og i kommunikasjonen med omverda elles.

Skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leirarar og medarbeidarar

Me vil utvikla ei leiarplattform som sikrar utvikling av motiverande leirarar. Arbeidsgjevarpolitikken skal vidareutviklast og forankrast i tråd med visjonsdokumentet. Det skal vera ein raud tråd i arbeidet med leiari- og medarbeidarutvikling. Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor er eit verktøy i arbeidet med å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap.

Det skal utarbeidast strategiar for Voss herad sitt utviklings-, innovasjons – og kompetansearbeid.

Det skal mellom anna utarbeidast ein digitaliseringsstrategi med handlingsplan. Voss herad satsar på det digitale samarbeidet som er oppretta på mange område mellom kommunane i Hordaland. Det vert lagt opp til ein utstrakt delingskultur. På den måten vert ikkje Voss herad ståande aleine i arbeidet med å kartlegga, forbetra og digitalisera arbeidsprosesser, noko som berre vert viktigare i perioden framover.

Arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og «me»-kultur

Ei viktig satsing i perioden framover vert å byggja ein ny, god og felles organisasjonskultur for alle tilsette i Voss herad. Det må jobbast på mange plan for å skapa ein kultur som gjev ei kjensle av dette er «me» i Voss herad. Kulturen skal leggja til rette for ein innovativ og endringsdyktig organisasjon. Det skal vera rom for å gjera feil, og samstundes gode system for å læra av feila, det vil seia ein god kultur for kontinuerleg forbetring.

Sjukefråvær

Kommunen har eit mål om 7,5% sjukefråvær samla. Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråværsarbeid til leiарane.

Lærlingar

Landstinget i KS anbefalte i 2016 kommunane om å etablera fleire læreplassar i kommunal sektor til minst 2 per 1000 innbyggjarar. Voss herad ligg eit stykke bak dette målet. I snitt hadde kommunane i landet 1,43 lærlingar per 1000 innbyggjarar i februar 2018. Voss kommune hadde på same tid 12 lærlingar, og det vil seia i underkant av 1 per 1000 innbyggjarar.

Voss herad har som mål å auka talet på læreplassar i løpet av perioden.

Finansielle måltal

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss							
Inkluderande Voss							
Innovative Voss	Godt økonomisk handlingsrom	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,5 %	6,5 %	7,0 %	7,0 %	10,7 %
		Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,8 %	2,0 %	2,5 %	3,0 %	2,5 %
		Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	65,0 %	65,0 %	65,0 %	65,0 %	81,2 %

Prisar og gebyr

Gebrysatsar gjeldande frå 01.01.2020, jf. vedtak om gebyr, avgifter og brukarbetaling.

Grunnskule og barnehage

	Pris 2019, Gränvin	Pris 2019, Voss	Pris 2020
Oppvekst			
Barnehageplass, heil plass (kr/mnd)	3 040	3 040	3 135
Barnehageplass, 4 dagar (kr/mnd)	2 430	2 510	2 590
Barnehageplass, 3 dagar (kr/mnd)	1 820	2 165	2 230
Barnehageplass, halv plass (kr/mnd)		1 705	1 760
Kjøp av einskilddagar (kr/dag)	125	373	385
Kostdøgn		450	465
Ordninær SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	2 110	2 165	2 230
Ordinær SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	2 110	1 510	1 560
Utvida SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	2 110	2 880	2 970
Utvida SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	2 110	1 980	2 040

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Helse og omsorg

	Pris 2019, Granvin	Pris 2019, Voss	Pris 2020
Institusjonsopphald: Inntil 75% av grunnbetøpet i folketrygda og inntil 85 % av inntekter ut over grunnbetøpet			
Maks betaling sjukeheim (kr/mnd)	40 000	60 000	64 000
Dagopphald/nattopphald i institusjon (statleg sats) (kr/dag)	80	85	90
Dagtilbod, aktivisering (kr/dag)	80	150	155
Korttidsopphald (statleg sats) (kr/dag)	160	165	170
Heimehjelp, timesats (Brukar betaler timesats eller månadsbeløp/abonnement avhengig av omfang, ut i frå kva som er mest føremålstøyleg for brukar)			
Heimehjelp, timesats	350	366	377
Heimehjelp/husmorvikar < 2G (statleg sats) (kr/mnd)	210	210	210
Heimehjelp/husmorvikar inntil 3 G, (kr/mnd)	940	1 000	1 030
Heimehjelp/husmorvikar inntil 4 G (kr/mnd)	1 380	1 800	1 850
Heimehjelp/husmorvikar inntil 5 G (kr/mnd)	1 940	2 500	2 580
Heimehjelp/husmorvikar inntil 6 G (kr/mnd)	2 510	3 200	3 300
Heimehjelp/husmorvikar over 6 G (kr/mnd)	2 510	3 900	4 000
Dagsats husmorvikar 0-2 G (statleg sats)		210	210
Dagsats husmorvikar 2-3 G		645	665
Dagsats husmorvikar 3-4 G		845	865
Dagsats husmorvikar 4-5 G		1 050	1 080
Dagsats husmorvikar 5-6 G		1 250	1 290
Dagsats husmorvikar over 6 G		1 360	1 400
Andre gebyr			
Tryggleiksalarm (kr/mnd)	160	338	350
Omsorgsteknologi (kr/mnd)		350	360
Montering e-lås (kr per montering)		800	820
Utkøring av hjelpemiddel (kr per hjelpemiddel)		150	150
Middag til heimebuande (kr/eining)	90	91	94
Graut til heimebuande(kr/eining)	40	48	49
Lunch Granvin (kr/eining)	30		30
Frukost/kvelds Granvin (kr/eining)	50		50
Full pensjon ved institusjon (tidl. Granvin) (kr/eining)	160		160
Full pensjon ved institusjon (tidl. Vossestrand) (kr/eining)		124	160

Eigenbetaling inntil fribeløp gjeld for fastlege- og fysioterapitester. Sjå: [Informasjon fra Helsenorge](#)

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Kultur og fritid

	Pris 2019, Granvin	Pris 2019, Voss	Pris 2020
Kultur og fritid			
1. Kulturskule , einskildelevar (kr/skuleår)	1 340	3 865	3 865
2. Kulturskule , instrumentleige (kr/skuleår)		520	520
3. Kulturskule , gruppeundervisning (kr/skuleår)		2 130	2 130
4. Kulturskule , bilettekunst (kr/skuleår)	640	3 400	3 400
5. Kulturskule , materialpengar (kr/skuleår)		650	650
6. Kulturskule , dans (kr/skuleår)	640	2 850	2 850
7. Kulturhus, leige av kultursal (kr per dag, lag)		8 615	8 875
7. Kulturhus, leige av kultursal (kr per dag, kommers)		16 630	17 130
8. Kulturhus, leige av konferanserom (kr per dag, lag)		6 325	6 515
8. Kulturhus, leige av konferanserom (kr per dag, kommers)		8 615	8 875
9. Kulturhus, leige av digitalsal/panoramasal (kr per dag, lag)		5 170	5 325
9. Kulturhus, leige av digitalsal/panoramasal (kr per dag, kommers)		9 185	9 460
11. Kulturhus, leige av studierom (kr per dag, lag)		2 580	2 655
11. Kulturhus, leige av studierom (kr per dag, kommers)		4 010	4 130
12. Kulturhus, leige av dansesal (kr per dag for, lag)		8 610	8 870
12. Kulturhus, leige av dansesal (kr per dag for, kommers)		10 900	11 225
14. Gamlekinoen, leige av foaje (kr per dag)		1 750	1 805
15. Gamlekinoen, leige av sal (kr per dag)		5 740	5 910
16. Årleg tilsynsavgift salgssteder tobakkvarer, faste		4 500	4 500
16. Årleg tilsynsavgift salgssteder tobakkvarer, mellombels		1 200	1 200

Teknisk

	Pris 2019, Granvin	Pris 2019, Voss	Pris 2020
Teknisk			
Byggesak - einebustad 1)	5770	14 776	14 776
Oppmåling 0-500 m ² 2)	11580	11 321	11 621
Plangebyr - enklaste plansak 2)	32300	27 420	28 147
Renovasjon 3)			
Feie- og tilsynsavgift pr pipeløp 1)	536	509	509
Fresing av blanksot			1 200
Septik 4):			
slamavskiller 0 - 4 m ³	1 350	887	500
slamavskiller 4,1 - 6 m ³	1 768	887	750
slamavskiller 6,1 - 10 m ³	2 512	887	1 000
slamavskiller > 10 m ³ pris pr m ³			330
Vatn 5):			
Vatn fastledd heilårsbustad		627,08	564

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Vatn fastledd fritidsbustad		847
Vatn forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	15,91	14,32
Avløp 6):		
Avløp fastledd heilårsbustad		837,07
Avløp fastledd fritidsbustad		1193
Avløp forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	21,65	20,57
Landingsavgift pr landing	125	128
Landingsavgift årskort	2 402	2 466
Landingsavgift fast avgift flyklubben og fallskjermklubben	35 975	36 928

* Prisar eks mva

- 1) Uendra frå Voss kommune sine satsar i 2019, sjå gebyrregulativ i eige dokument
- 2) Auke 2,65% frå Voss kommune sine satsar i 2019, sjå gebyrregulativ i eige dokument
- 3) Felles i IHM-området, etter tilråding frå representantskapet i Indre Hordaland Miljøverk IKS.
- 4) Sjå gebyrregulativ i eige dokument
- 5) Reduksjon i fastledd og forbruksgebyr for alle abonnementar vatn med 10% ift prisane i gebyrregulativ i eige dokument
- 6) Reduksjon i fastledd og forbruksgebyr for alle abonnementar avløp med 5% ift prisane i gebyrregulativ i eige dokument

Status og rammevilkår

Utvikling i økonomiske nøkkeltal


	Nye Voss herad	Nye Voss herad	Nye Voss herad	Fjell	Stord	Kongsvinger	Aurskog- Høland	Øvre Eiker	Kvam	Kostragruppe
Prioritet	2017	2018								11
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	7,0 %	7,4 %	19,2 %	7,4 %	6,3 %	1,2 %	13,0 %	11,8 %	6,0 %	9,3 %
7,3 %										
Økonomi										
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	53 040	54 797	59 253	54 797	51 900	53 769	53 495	53 087	52 616	54 434
										53 868
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,9 %	-0,3 %	2,8 %	-0,3 %	-3,3 %	0,2 %	2,1 %	1,3 %	1,1 %	4,7 %
										1,5 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	55 642	55 150	72 784	55 150	66 150	101 604	82 004	68 330	55 568	125 363
										87 147

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

	Nye Voss herad 2017	Nye Voss herad 2018	Granvin Voss herad	Fjell Voss herad	Stord Kongsvinger Aurskog- Høland	Kongsvinger Aurskog- Høland	Øvre Eiker	Kvam Kostragruppe 11
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	60,9 %	60,1 %	66,3 %	60,1 %	95,7 %	125,7 %	94,2 %	93,4 %
							78,0 %	120,8 %
								91,8 %

Befolkningsutvikling

Demografi



	2020	2021	2022	2023
0 - åringer	151	153	154	155
Barnehage (1-5 år)	853	839	818	813
Grunnskole (6-15 år)	1 895	1 903	1 925	1 943
Videregående (16-19 år)	823	804	779	754
Voksne (20-66 år)	8 956	8 987	9 011	9 009
Eldre (67-79 år)	1 960	2 020	2 078	2 147
Eldre (80-89 år)	781	778	766	769
Eldre (90 år og eldre)	230	230	245	251
Total	15 649	15 714	15 776	15 841

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 4

Investeringar i økonomiplanen

Investeringsbehov og planar

Sidan 2016 har Voss kommune hatt ei generell låneramme på 20 millionar kr per år. Denne ramma vert tilrådd av Fylkesmannen, og alle lån som ikkje er sjølvfinansierande bør inngå her. Lån utover den generelle låneramma bør anten vera avgiftsfinansiert, eller sjølvfinansierande på anna vis. I budsjettåret 2020 har Voss herad fått ei tilrådd låneramme på 24 millionar kr.

I investeringsbudsjettet for 2020, utgjer summen av alle investeringane nær 70 millionar kr (her er mva kompensasjon trekt frå). 24 millionar kr av dette gjelder investeringar på sjølvkostområdet, eller investeringar som er sjølvfinansierande. Kommunen må ta opp lån til desse investeringsprosjekta, men dei vil ikkje påverke den generelle låneramma. Det er også lagt opp til å nytte ubrukte lånemidlar og fond til å finansiere nokon av prosjekta. Lånebehovet for 2020 som skal vere innanfor den generelle låneramma, ligg på nesten 40 millionar kr.

I tillegg til investeringar i varige driftsmidlar, har kommunen finansieringsbehov relatert til startlån, og eigenkapitalinnskot. Voss herad tar opp lån frå Husbanken til vidare utlån, slik at innbyggjarar som trenger det, kan ta opp startlån gjennom kommunen til finansiering av eigen bustad. Eigenkapitalinnskot til KLP er ein årleg investeringspost, der kommunen må inn med kapital som eigar i ordninga. Dette er finansiert ved bruk av eige disposisjonsfond.

For dei påfylgjande åra i økonomiplanen er finansieringsbehovet langt over låneramma. Dette er grunna store prosjekt der investeringskostaden er større enn sjølve låneramma til kommunen. Desse må derfor finansierast utanfor låneramma dersom kommunen skal realisere dei og det bør setjast av midlar til føremåla.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Investeringar <i>Beløp i 1000</i>	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter					
Administrasjon og leiing					
8. It investeringar 2020	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Sum Administrasjon og leiing	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Samferdsel					
17. Trafikksikringstiltak (jfr. Trafikksikringsplanen).	625	625	625	625	2 500
20. Veginvestering/ Vegpakke Opprustning av kommunale veger	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Sum Samferdsel	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Eigedom og bustad					
12. Bygg og eigedom - utskifting av bilar	500	500	500	500	2 000
Sum Eigedom og bustad	500	500	500	500	2 000
Brann og ulukkesvern					
35. Brannstasjon	0	0	11 250	76 250	87 500
Brannstasjon Vossestrand	4 375	3 750	0	0	8 125
Feiarbil	550	0	0	0	550
Sum Brann og ulukkesvern	4 925	3 750	11 250	76 250	96 175
Grunnskule					
11. Diverse takrehab. kommunale bygg	2 500	2 500	3 750	3 750	12 500
2. Større inventar/utstyr i skuler barnehagar inkl. bilar	1 751	1 751	0	0	3 503
29. Rehabilitering av toalett i skulane	0	2 500	2 500	2 500	7 500
3. Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid	1 250	1 250	2 500	2 500	7 500
31. Tiltak skulebygg, KST sak 58/17	3 750	3 750	0	0	7 500
4. Mindre tilpassingar bygg p.g.a. særlege behov hjå elevar	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Rehabilitering grunnskule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	17 500	0	17 500
Rehabilitering skule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	0	18 750	18 750
Ungdomsskulen idrettsfløy prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	6 250	37 500	43 750	0	87 500
Sum Grunnskule	18 001	51 751	72 500	30 000	172 253
Barnehage					
Barnehage Granvin	23 750	23 750	0	0	47 500
Bolstad barnehage	3 125	0	0	0	3 125

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Sum Barnehage	26 875	23 750	0	0	50 625
Omsorg					
24. Velferdsteknologi Helse og omsorg	2 500	0	0	0	2 500
5. Utstyr og tekniske innstallasjonar innan pleie og omsorg	750	750	750	750	3 000
6. Nye tenestebilar årleg Helse og omsorg	700	700	700	700	2 800
Kommunalt kjøkken	0	42 500	0	0	42 500
Ventilasjon vetleflaten	1 000	0	0	0	1 000
Sum Omsorg	4 950	43 950	1 450	1 450	51 800
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)					
Brannsikring Voss kyrkje	3 750	0	0	0	3 750
Utskifting kinoframvisar	1 750	0	0	0	1 750
Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	5 500	0	0	0	5 500
Sum	65 126	128 076	90 075	112 575	395 853

Sjølvkostinvesteringar

<i>Beløp i 1000</i>	<i>Økonomiplan</i>				<i>Sum 2020-23</i>
	<i>2020</i>	<i>2021</i>	<i>2022</i>	<i>2023</i>	
Investeringsprosjekter					
Vatn, avlaup og renovasjon					
15. Hovudplan Vatn	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
16. Hovudplan Avlaup	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
Sum Vatn, avlaup og renovasjon	6 000	6 000	6 500	6 500	25 000
Sum	6 000	6 000	6 500	6 500	25 000

Sjølvfinansierande

<i>Beløp i 1000</i>	<i>Økonomiplan</i>				<i>Sum 2020-23</i>
	<i>2020</i>	<i>2021</i>	<i>2022</i>	<i>2023</i>	
Investeringsprosjekter					
Eigedom og bustad					
14. Fornying av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Lagerbygg BOE og driftsavd Istadmyrane, fullfinansiering	14 875	0	0	0	14 875
Sum Eigedom og bustad	17 875	3 000	3 000	3 000	26 875
Sum	17 875	3 000	3 000	3 000	26 875

Forklaring på dei ulike investeringane

Eigedom og bustad

12. Bygg og eigedom -utskifting av bilar

Utskifting av eldre bilar.

Brann og ulukkesvern

Brannstasjon Vossestrand

Fellesnemnda godkjente 29.08.19 avtale med Vossestrand Røde Kors om samarbeid om nytt, felles beredskapshus for Vossestrand. Investeringsmidlar på kr 6,5 mill kr til nytt bygg på Vossestrand, vert flytt fram frå 2023 i økonomiplanen for 2020-2023 og lagt inn i investeringsbudsjettet for 2020. Driftskostnader med nybygget vert dekka av dagens leigekostnader på Vinje.

Feiarbil

Bil til feiartenesta.

Grunnskule

11. Diverse takrehab. kommunale bygg

Behov for rehabilitering av tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustader og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trøng for årleg løying på 2,5 mill.kr. Oppstart av årleg vedlikehaldsløyingar er frå 2020.

2. Større inventar/utstyr i skuler barnehagar inkl. bilar

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.

31. Tiltak skulebygg, KST sak 58/17

Det er utarbeidd kostnadskalkylar for følgjande tre prosjekt som i saka er tilrådd gjennomført på kort sikt: 1. Ungdomsskulen - Planarbeid for ny idrettsfløy vert starta opp. I ein eventuell ny fløy skal det byggjast ny kroppsøvingssal m/amfiløysing og klasserom. Planarbeidet skal òg vurdera om eit nybygg kan sikra naudsynt utviding av arealet slik at skulen kan ta imot minst 520 elevar og 20 klassar.

Planarbeidet må sjåast i samanheng med det pågående arealplanarbeidet for sentralidrettsanlegget og området rundt. 2. Oppussing av Vangen skule i samsvar med arbeidsgruppa sine innspel til kortsiktige løysingar slik at skulen får tilfredsstillande løysingar for personale og at alle rom i bygget blir rehabilitert fullt ut. 3. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstiller krav for personale og elevar i framtida. På lang sikt: 1. Sentrumsplassen skal innehalda vurderingar om kvar det kan byggast nye skular i sentrumsområdet. Skulestrukturen i sentrumsområdet vert å koma tilbake til. 2. Utbygging ved Palmafossen blir vurdert dersom bygging av bustader i krinsen held fram i same omfang som no, det er mange ledige tomter i inntaksområdet til Palmafossen. Dersom blir godkjent at det skal byggjast bustader i Bømoen må skulen byggast på. Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular.

Rehabilitering grunnskule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

Rehabilitering av grunnskular, som t.d. oppussing av delar av Skulestad skule og Vangen skule. Prosjektering av Skulestad og Vangen skule er finansiert. Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular

Rehabilitering skule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

Rehabilitering av grunnskular, som t.d. oppussing av delar av Skulestad skule og Vangen skule. Prosjektering av Skulestad og Vangen skule er finansiert. Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular.

Ungdomsskulen idrettsfløy prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

For idrettsfløyen vurderer rådmannen at ein har 3 alternativ med ulikt omfang og storleik. Investeringsa knytt til ny gymsal er estimert til kr 70 millionar. Det er ynskjeleg å tilrettelegga for elevar med spesielle behov og auke kapasiteten til ungdomsskulen. Den totale investeringa på ynskja alternativ blir omlag kr 100 millionar. Rådmannen har ikkje funne rom for dette i økonomiplan og alternativ med lågare totalkostnad er lagt inn i planen.

Barnehage

Barnehage Granvin

Ny barnehage i Granvin. Rådmann legg fram tilråding om alternativet med ny barnehage i Bygdatunet med 84 plassar. Link til sak med ulike alternativ:

<https://innsyn.onacos.no/granvin/wfdocument.ashx?journalpostid=2019002838&dokid=80895&versjon=2&variant=A&>

Bolstad barnehage

Mellombels barnehage, Bolstad.

Omsorg

24. Velferdsteknologi Helse og omsorg

Velferdsteknologi er brukarretta teknologi for tryggleik, auka sjølvstende, medbestemming og betre livskvalitet. Velferdsteknologi kan gi økonomiske vinstar på millionbeløp som kan omdisponerast til bl.a. andre tenester for meir kravande brukarar. Vinstane kan realiserast gjennom auka kapasitet med eksisterande ressursar, redusere etterspurnad etter tenester frå brukar, eller redusere tidsbruk og dermed ressursbehov/bemannning for enkelte tenester. Dette er eit naudsynt tiltak for å handtere utfordringar i framtida.

5. Utstyr og tekniske innstallasjonar innan pleie og omsorg

Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg.

Kommunalt kjøkken

Levekår i Voss kommune gjorde 06.04.17 politisk vedtak på å servera lokalprodusert middag til bebuarar på sjukeheim, i omsorgsbustader og heimebuande som treng det. Investeringsbehov er noko usikkert og avhengig kva løysing ein vel om lokalisering og produksjonsmetode. Rådmannen sitt framlegg er lagt fram med eitt sentralkjøkken.

Ventilasjon vetleflaten

Rehabilitering av ventilasjonsanlegg på Vetleflaten. Rehabilitering tinghus vert erstatta med dette tiltaket i 2020.

Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

Brannsikring Voss kyrkje

Brannsikring med sprinkleranlegg i middelalderkyrkja, Voss kyrkje. Prosjektet er delfinansiert med 800 000 kr i tilskotsmidlar frå Riksantikvaren.

Utskifting kinoframvisar

Garantien som Voss kino har på digitalt utstyr går ut i januar 2021. Det er derfor behov for nytt utstyr, med ny garanti, for å unngå større risiko relatert til driftsstans. I tillegg vil ny kinoframvisar gje høgare kvalitet, som fører til kostnadsreduksjon knytt til forbruk av mellom anna energi.

Sjølvkostinvesteringar

Vatn, avlaup og renovasjon

15. Hovudplan Vatn

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande, med brukarbetaling.

16. Hovudplan Avlaup

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande, med brukarbetaling.

Sjølvfinansierande

Eigedom og bustad

14. Fornying av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald

Det er naudsynt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringsetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.

Lagerbygg BOE og driftsavd Istadmyrane, fullfinansiering

Erstatning for lagerlokale til teknisk utstyr som Voss kommune har leigd på Bømoen og Istad. Kostnader med prosjektet vert finansierast av innsparing av husleige.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023
Investeringer	89 001	137 076	99 575	122 075
Startlån	18 000	0	0	0
Avdrag på startlån	9 000	0	0	0
Eigenkapitalinnskot KLP	3 400	0	0	0
Sum finansieringsbehov	119 401	137 076	99 575	122 075
Låneopptak	-63 767	-111 817	-81 800	-99 800
Innlån Husbanken	-18 000	0	0	0
Motteke avdrag på startlån	-9 000	0	0	0
Øremerkede investeringstilskudd	0	0	0	0
Mva kompensasjon	-15 535	-25 260	-17 775	-22 275
Bruk av disposisjonsfond til Bolstad barnehage	-2 500	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond til tuetegn barnehage	-5 000	0	0	0
Finansiering av kinoframvisar	-1 400	0	0	0
Fondsbruk til eigenkapitalinnskot KLP	-3 400	0	0	0
Tilskot til brannsikring Vangskyrkja	-800	0	0	0
Sum finansiering	-119 401	-137 076	-99 575	-122 075
Sum finansieringsbehov	119 401	137 076	99 575	122 075
Sum finansiering	-119 401	-137 076	-99 575	-122 075
Udekket finansiering	0	0	0	0

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Nye Voss herad	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	-3,8 %	-1,5 %	2,6 %	4,6 %	7,9 %

Netto lånegjeld i kroner per innbygger

	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Nye Voss herad	0	0	0	0	-3 316	-1 405	2 304	4 081	6 980

Hovudtal i budsjettforslaget

Sentrale inntekter

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Økonomiplan			
		2019	Rev. bud. 2020	2020	2021	2022	2023
Skatt på inntekt og formue	-413 935	-407 092	-439 130	-439 130	-440 140	-441 330	-442 330
Ordinært rammetilskudd	-489 543	-507 959	-525 413	-525 413	-525 413	-525 413	-525 413
Skatt på eiendom	-64 796	-62 834	-67 672	-67 672	-70 883	-73 460	-73 460
Andre direkte eller indirekte skatter	-18 290	-15 530	-18 030	-18 030	-18 030	-18 030	-18 030
Andre generelle statstilskudd	-40 949	-37 958	-55 901	-55 901	-30 972	-29 721	-30 471
Sum sentrale inntekter	-1 027 513	-1 031 373	-1 106 146	-1 106 146	-1 085 438	-1 087 954	-1 089 704

Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består av skatt og rammetilskot, og er kommunen sin største inntektskilde. Skatt på formue og inntekt, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett 2020.

Eigedomsskatt er budsjettert med nye føresetnader om justering av skattegrunnlaget og endra skattesats for bustad og fritid til 4 promille, og 7 promille på næring, sjå [Sak i Fellesnemnda 05.04.19](#). Inntekter frå eigedomsskatt kraftverk aukar noko i perioden. Dette saman med auken til tal eigedomar som det skal betalast skatt for, utgjer veksten i inntekter i perioden.

Korleis regelverket for eigedomsskatt vil utvikle seg i planperioden er noko usikkert. Det har dei siste åra vore statleg innstramming i ordninga både når det gjeld promillesats og grunnlaget. Voss vil kompensere for nedjusteringa av skattegrunnlaget med å auke promillesats til 4 for bustad og fritid og gjere ei oppjustering av grunnlaget på 10 % (kontorjustering) dersom mogleg. Då vil total skatteinngang frå eigedom vera omtrent som 2019 nivå. Endringane er innafor dei statlege rammene med sine justeringar for 2020. Voss herad føreset at promillesatsane frå 2020 kan vidareførast i resten av planperioden, og planlegg for overgang til å nytte Skatteetaten sitt formuesgrunnlag frå 2021. Sistnemnde kan føra til endringar for ein del eigedomar, og formuesgrunnlaget syner å ha generelt sett høgare verdig i sentrale strok enn dagens takserte verdi. I utkantstrok, der omsetnad av bustader ikkje er så høg, ser Skatteetaten sin bustadverdi ut til å ligge lågare enn dagens takserte verdi. Då ikkje alle eigedomar har likna verdi hjå Skatteetaten må kommunen takser mellom 5500 -6000 eigedomar i løpet av 2020. Dette er lagt inn i budsjettet med finansiering frå disposisjonsfond. Inntekter frå eigedomsskatt vil dekke fondsbruken til dette dei nærmaste åra.


Andre direkte skattar er konsesjonsavgifter, og det er auka frå 3,5 mill.kr til 6 mill.kr, som er eit meir realistisk nivå for perioden. Sal av konsesjonskraft er budsjettert etter salsaftale inngått i 2018.

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar og reformstøtte ved kommunesamanslåing. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetting og integrering. Det er utfordrande å lage gode prognosar på utviklinga, men det er venta at tilskotet går ned i planperioden. Nedgangen er mindre enn venta i førre økonomiplan.

Voss herad mottekk 21,6 mill.kr i reformstøtte, som er eit eingangstilskot på grunn av kommunesamanslåing. 10 mill.kr av desse vert avsett på fond til bygdeutvikling i Granvin. Resterande beløp vil finansiere ekstra utgifter kommunen har med avvikling av gamle kommunar og bygging av Voss herad. Dette gjelder i 2020, men også i påfylgjande år.


Figuren nedenfor gjer ein oversikt over kor inntektene til kommunen kjem i frå. Dei frie inntektene utgjer den største delen av inntektene.

Fordeling av Voss herad sine inntekter (prognose 2020)



Skatt- og rammetilskot vert auka opp kvart år, men trenden for Voss + Granvin dei siste åra har vore at auka i frie inntekter vert redusert for kvart år. Grafen nedanfor syner utviklinga i Voss pluss Granvin sine frie inntekter, der tala representerar endringa frå førre år. I 2020 er det venta ei auke i frie inntekter på 35 mill. kr i høve nivået som er budsjettert i Voss og Granvin i 2019. Dette er meir enn tidlegare antatt, men ein del av auken omfattar at fleire tilskotsordning der tenesteområda før har fått direkte tilskot, no vert innlemma i rammetilskotet. Dette omfattar bl.a. lærarnorm, kommunepsykolog, tilskot til bustad, dagtilbod for personar med demens m.m.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020



Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000	Økonomiplan							
	Regnskap 2018	Budsjett						
		2019	Rev. bud. i fjor	Rev. bud. 2020	2020	2021	2022	2023
Renteinntekter og utbytte	-26 210	-26 607	26 607	25 607	-25 607	-26 107	-26 107	-26 107
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	20 157	25 391	25 391	27 689	27 689	27 189	27 189	27 189
Avdrag på lån	50 833	51 534	51 534	53 620	53 620	53 620	53 620	53 620
Netto finansinntekter/finansutgifter	44 780	50 318	50 318	55 702	55 702	54 702	54 702	54 702
Finansutgifter i tenesteområdene	-1 673	1 621	1 621	1 571	1 571	1 571	1 571	1 571
Totalle finansutgifter	43 107	51 939	51 939	57 273	57 273	56 273	56 273	56 273

Finansutgifter og -inntekter er justert etter prognosar med eit generelt høgare rentenivå enn det som var lagt til grunn i budsjett 2019. Finansinntektene gjeld i hovudsak utbytte frå Voss energi og BKK, samt renteinntekter på lån. Finansutgiftene kjem frå renter og avdrag frå låneportefølja som kommunen har i dag, og prognosene på dette vert henta frå Kommunalbanken. Utgifter frå framtidige lån vert også rekna inn i dei framtidige utgiftene, og det er tatt omsyn til dei investeringane som ligg i økonomiplanen i dag.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Avsetningar og årsoppgjørsdisposisjoner

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Rev. bud. 2020	Økonomiplan			
		2019	Rev. bud. i fjor 2019		2020	2021	2022	2023
Til ubundne avsetninger	5 414	210	210	2 510	2 510	7 139	8 278	15 028
Til bundne avsetninger	7 326	4 740	4 740	16 000	16 000	16 000	16 000	15 000
Bruk av ubundne avsetninger	-7 129	-55	-55	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Netto avsetninger	5 611	4 895	4 895	17 510	17 510	22 139	23 278	29 028
Netto avsetninger i tjenesteområdene	0	-25 311	-25 311	-22 578	-22 578	-28 313	-28 313	-28 313
Totale avsetninger	5 611	-20 416	-20 416	-5 068	-5 068	-6 174	-5 035	715

Til disposisjon for tenesteområda

Oppsummering sentrale poster	Beløp i 1000	Budsjett		Økonomiplan		
		2019	2020	2021	2022	2023
Frie disponibele inntekter		-1 031 373	-1 106 146	-1 085 438	-1 087 954	-1 089 704
Finansinntekter/-utgifter		50 318	55 702	54 702	54 702	54 702
Avsetninger og bruk av avsetninger		-10 669	-491	2 338	3 477	9 227
Overført til investering		0	10 900	8 400	8 400	8 400
Sum sentrale inntekter og utgifter - Til fordeling tjenesteområdene		-991 724	-1 040 034	-1 019 997	-1 021 374	-1 017 374
Sum fordelt tjenesteområdene		991 724	1 040 034	1 019 997	1 021 374	1 017 374
Merforbruk/mindreforbruk		0	0	0	0	0

Avsetning til bundne fond i 2020 omfattar 10 mill.kr til bygdeutviklingsfond i Granvin og 6 mill.kr i konsesjonskraft som vert sett av til Kraftfondet.

Avsetning til investeringsfond omfattar eigenkapitalinnskot til pensjon til KLP.


Rådmannen sitt framlegg er basert på ei økonomisk styring der heradet held storleiken på disposisjonsfond på eit nivå slik at det kan dekke behov for ulike føremål i framtida. Som det kjem fram av investeringsplanen til heradet er det behov for setje av midlar til større utbyggingar.

Disponering av driftsramma

Driftsbudsjettet - endring i disponible midlar og bruk

Beløp i 1000

Beløp i 1000



Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjettet - forslag til rammendingar fordelt på endringskategoriar


Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett	976 160	976 160	976 160	976 160
Tekniske justeringar	1 339	1 339	1 339	1 339
Vedtak førre periode	-965	-3 506	-1 529	-1 529
Budsjettendring i år	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
Lønns- og prisvekst	11 543	11 543	11 543	11 543
Konsekvensjustert budsjett	10 116	7 575	9 552	9 552
Konsekvensjustert ramme	986 277	983 736	985 713	985 713
Politisk vedtak	4 490	2 240	2 240	2 240
Innsparings tiltak	-4 583	-23 574	-24 174	-28 174
Nye tiltak	46 750	46 194	46 194	46 194
Nye tiltak og realendringar budsjett	46 657	24 860	24 260	20 260
Ramme 2020-2023	1 032 933	1 008 596	1 009 973	1 005 973

Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringar per tenesteområde i økonomiplanperioden

Tjenesteområde	Vedtatt budsjett 2019	Prisjustering og diverse endringer		Nye tiltak og realendringer budsjett	Budsjett 2023	Realendring i %
		Effektivisering				
1 Administrasjon og leiing	105 639	-23 900	-18 051	5 069	68 757	4,8 %
10 Plan, næring og forvalting	19 163	141	-1 016	1 404	19 693	7,3 %
11 Samferdsel	33 992	-306	-1 400	828	33 114	2,4 %
12 Eigedom og bustad	16 756	-2 803	-800	6 104	19 257	36,4 %
13 Brann og ulukkesvern	12 573	511	0	334	13 418	2,7 %
14 Vatn, avlauv og renovasjon	-3 934	118	0	3	-3 813	-0,1 %
15 Politisk styring	10 280	-480	-1 635	-560	7 605	-5,4 %
16 Finansielle postar/økonomi	-97 607	-713	7 162	-5 489	-96 647	5,6 %
2 Grunnskule	230 281	5 651	-2 000	12 123	246 055	5,3 %
3 Barnehage	128 892	8 555	-1 300	5 167	141 315	4,0 %
4 Barne- og familiestøtene	52 068	2 637	-500	2 662	56 868	5,1 %
5 Integrering og vaksenopplæring	13 425	-6 328	-634	116	6 578	0,9 %
6 Helse	34 296	4 914	-500	407	39 118	1,2 %
7 Omsorg	340 882	17 930	-6 500	12 078	364 390	3,5 %
8 Sosialtenester	35 566	1 533	-500	4 365	40 964	12,3 %
9 Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	43 888	2 093	-500	3 823	49 304	8,7 %
Sum netto driftsutgifter	976 160	9 552	-28 174	48 434	1 005 973	5,0 %

Økonomisk utvikling i planperioden

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Nye Voss herad	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	-1,5 %	0,4 %	0,2 %	0,2 %	0,7 %

Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

I framlegg til budsjett ligg netto driftsresultat lågare enn målsettinga. Grunnen til dette er at det budsjett 2019, som er grunnlaget for økonomiplan, er høgare driftsutgifter enn inntekter. Det må difor arbeidast vidare med å justere ned utgiftsnivået der dette er mogleg og realisera planlagde effektiviseringar.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Nye Voss herad	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	7,3 %	6,2 %	5,6 %	5,1 %	5,0 %

Voss herad ligg an til å ligge over handlingsregel om å ha disposisjonsfond i % av driftsinntekter på over 5 %. Målet for planperioden er å oppretthalde og auke noko midlar kommunen har på fond som reserve til dårlege tider. Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål.

Tenesteområda i kommunen

Økonomiplan og budsjett er framstilt og vedtatt med rammer per tenesteområde. Dei 16 tenesteområda er bygd opp etter kva teneste som vert ytt og målgrupper, og er ei gruppering av KOSTRA-funksjonar. Her finn du ei oversikt: [link](#)



Voss herad



Administrasjon og leiing

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellesstenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdststyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

Utfordringar og strategi

Hovudutfordringane innan tenesteområdet er å sikre at Voss herad oppnår berekraft innan økonomi, miljø og sosialt. Spesielt for planperioden handlar dette om å skape handlingsrom for å gjere naudsynte prioriteringar og nyskaping, fjerne flaskehalsar og oppnå gevinstar av effektivisering. Dette stiller krav til kompetanse og ressursar til strategisk arbeid og kommunikasjon.

Den administrative organisasjonen i Voss herad er ny frå 2020 og må jobba med å skape ein felles kultur som gjer at Voss skal bli verdas beste herad. I planperioden må administrasjonen stå i spissen for at heile verksemda held stø kurs framover og går i same retning. For å kunne møte utfordringane Voss herad står overfor vil rådmannen arbeida for å nå desse organisatoriske målsetjingane:

- Tillitsskapande organisasjon med høg måloppnåing
- Evne og kapasitet til strategisk leiring og styring
- Organisering etter målgrupper
 - Effektiv og kvalitativ tenesteyting med god brukarinsikt
 - Effektiv, tilgjengeleg og rettvis forvalting
 - Voss herad har ei heilskapleg og koordinert areal-, samfunns- og tenesteutvikling som legg vekt på gode arbeidsprosessar på tvers av fag- og tenesteområda.
- Pålitlege og med høg gjennomføringskondis
- Kommunikasjon prega av openheit, gjennomsiktigkeit og klart språk
- Skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar
- Innovativ og endringsdyktig organisasjon med høgt meistringsklima og kultur for kontinuerleg forbetring
- Arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og «me»-kultur

Hovudutfordringane innan tenesteområdet er å sikre at Voss herad oppnår berekraft innan økonomi, miljø og sosialt. Spesielt for planperioden handlar dette om å skape handlingsrom for å gjere naudsynte prioriteringar og nyskaping, fjerne flaskehalsar og oppnå gevinstar av effektivisering. Dette stiller krav til kompetanse og ressursar til strategisk arbeid og kommunikasjon.

Den administrative organisasjonen i Voss herad er ny frå 2020 og må jobba med å skape ein felles kultur som gjer at Voss skal bli verdas beste herad. I planperioden må administrasjonen stå i spissen for at heile verksemda held stø kurs framover og går i same retning. For å kunne møte utfordringane Voss herad står overfor vil administrasjonen jobba for å oppnå nokre organisatoriske målsetjingar som er omtala under fokusområdet for medarbeidarar.

Staben vil også ha ei viktig rolle i det overordna arbeidet kommunen vil ha for å sikre miljømessig berekraft med tiltak innan klima og miljø.

Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- Ta i bruk digitale løysingar og automatisering
- Forbetra og forenkla administrative prosessar
- Skapa kultur for innovasjon og kontinuerleg forbetring
- Legga til rette for god styring av verksemda gjennom prosessar, kompetanse og verktøy
- Utarbeida rutinar og reglement for dei administrative tenestene

Særskilt for 2020

Året 2020 vil på mange måtar vera eit overgangsår frå to gamle til éin ny kommune. Dette inneber at kommunen har ein del utgifter i 2020 som gjeld sjølve overgangen eller tidlegare forpliktingar. Døme på dette er lisensar for programvare og lønsutgifter. Det er venta innsparingar på dette frå 2021. Elles er mykje det same driftsnivået for Voss og Granvin vidareført inn i 2020. Nokre budsjettpostar har likevel ein auke frå tidlegare. Dette gjeld oppauke av tillitsvalde som følgje av fleire medlemar i ordninga og auka lisens for nytt arkivsystem. Det er også planlagt for 2,5 mill.kr i takseringsarbeid som må gjerast av

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

eigedomar som ikkje har fastsett verdi i Skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Dette vil finansierast av fondsmidlar i 2020, og dekkast av inntekt av eigedomsskatt på sikt.

Det er også gjort endringar i kva som er budsjettet på Kostrafunksjonen 120 administrasjon. Ein del utgifter som tidlegare har blitt fordelt på tenesteområda i løpet av året er no fordelt ut i budsjettet for å få større samsvar mellom budsjett og rekneskap. Lønsreserveposten på over 20 mill.kr er eit døme på ein slik post som er fordelt ut.

Bortfall av leigeinntekter ved Granvin heradshus medfører at netto driftsutgifter til bygget vert høgare frå 2020. Sjølv om administrasjonen skal ha arbeidsplass på Voss, vil bygget framleis vera i drift til servicekontor, NAV, legekontor og mellombels barnehage.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	52 471	54 031	51 122	49 122	49 122	48 622
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	24 684	22 719	23 829	22 319	22 319	22 319
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 258	3 841	5 613	5 613	5 613	5 613
Overføringsutgifter	6 470	26 202	3 447	-3 053	-3 053	-6 053
Finansutgifter	9 294	5 382	6 982	6 982	6 982	6 982
Sum Driftsutgifter	96 178	112 176	90 994	80 984	80 984	77 484
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-4 112	-2 440	-2 565	-2 565	-2 565	-2 565
Refusjoner	-10 563	-2 715	-2 752	-2 752	-2 752	-2 752
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 079	-1 382	-2 910	-3 410	-3 410	-3 410
Sum Driftsinntekter	-19 142	-6 537	-8 227	-8 727	-8 727	-8 727
Sum	77 036	105 639	82 767	72 257	72 257	68 757

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling		Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		105 639	105 639	105 639	105 639
Sum Tekniske justeringar		-5 059	-5 059	-5 059	-5 059
Vedtak førre periode					
KST: Lærlingepott	Stab	250	250	250	250
Sum Vedtak førre periode		250	250	250	250
Sum Budsjettendring i år		-20 116	-20 116	-20 116	-20 116
Sum Lønns- og prisvekst		1 025	1 025	1 025	1 025
Konsekvensjustert budsjett		-23 900	-23 900	-23 900	-23 900
Konsekvensjustert ramme		81 739	81 739	81 739	81 739
Politisk vedtak					
Delta i Klimapartner-Vestland	Stab	60	60	60	60
Klimapott	Stab	500	0	0	0
Sum Politisk vedtak		560	60	60	60
Innsparingstiltak					
Avslutta prosjektorg. ny kommune	Administrasjon / politiske organ	-2 541	-3 551	-3 551	-3 551
Effektivisering programvare	Stab	-500	-500	-500	-500
Effektiviseringskrav	Stab	-1 500	-2 000	-2 000	-2 500
Innsparing rådmann	Administrasjon / politiske organ	0	-1 500	-1 500	-1 500
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	0	-7 000	-7 000	-10 000
Sum Innsparingstiltak		-4 541	-14 551	-14 551	-18 051
Nye tiltak					
Flytte IT budsjett	Stab	85	105	105	105
Flytte IT budsjett	Kultur og fritid	-85	-105	-105	-105
HR og innovasjon - endring lønskontering	Stab	1 026	1 026	1 026	1 026
Justering ramme	Administrasjon / politiske organ	1 012	1 012	1 012	1 012
Andre tiltak	Teknisk	2 971	2 971	2 971	2 971
Sum Nye tiltak		5 009	5 009	5 009	5 009
Nye tiltak og realendringar budsjett		1 028	-9 482	-9 482	-12 982
Ramme 2020-2023		82 767	72 257	72 257	68 757

Investeringsbudsjett

	Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2020-23
		2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter						
Administrasjon og leiing						
8. It investeringar 2020	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500	
Sum Administrasjon og leiing	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500	
Sum investeringsprosjekter	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500	

Plan, næring og forvalting

Skildring av dagens verksemد

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bamiljø, leggia til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering kraftfond ligg også her.

Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil tenesta jobba aktivt for å:

- Vidareutvikla Vossevangen til det viktigaste regionsenteret for indre deler av Vestland og med levande lokalsenter i distrikta
- Bidra til at heradet når måla i kommuneplanen sine areal- og samfunnsdelar
- Møta utfordringa med manglande eigedomstilhøve i utmark både innan landbruksforvaltning og oppmåling.
- Møta innbyggjarane sine behov for meir digitale tenester og ein kommune som ser deira behov

Særskilt for 2020

Arealdelen i kommuneplanen skal ferdigstilla. Dette er innarbeida i budsjettet med eit halvt årsverk, det vil seie 100% stilling i fyrste halvår 2020.

Veterinærvakt held fram uendra med øyremerka tilskot, etter at staten fyrst hadde varsle at det skulle inngå som del av rammetilskot. Voss herad vil freista å forlenga avtale med samarbeidskommunane.

Driftsbudsjett Fordeling på hovudart <i>Beløp i 1000</i>	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter						
Lønn	16 807	18 413	19 256	18 775	18 775	18 775
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 609	3 214	3 188	3 438	3 438	3 438
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 014	266	151	151	151	151
Overføringsutgifter	10 395	9 008	12 158	12 458	12 458	12 458
Finansutgifter	12 120	3 934	6 434	6 434	6 434	6 434
Sum Driftsutgifter	46 945	34 835	41 186	41 255	41 255	41 255
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-7 390	-7 513	-8 504	-8 504	-8 504	-8 504
Refusjoner	-5 424	-608	-408	-408	-408	-408
Overføringsinntekter	-6 220	-3 500	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-11 058	-4 051	-5 801	-6 651	-6 651	-6 651
Sum Driftsinntekter	-30 091	-15 671	-20 712	-21 562	-21 562	-21 562
Sum	16 853	19 163	20 474	19 693	19 693	19 693

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostr gr
Attraktive Voss	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband	Byggesaker handsama innanfor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
Innovative Voss	Utvikla arenaer, møteplassar og nettverk for grunderar og unge entreprenørar	Tal nyetableringar pr år i Voss herad ifølgje SSB	160	160	160	160	

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		19 163	19 163	19 163	19 163
Sum Tekniske justeringar		421	421	421	421
Vedtak førre periode					
6.03 Sentrumsplan, prosjektstilling 2	Teknisk	-500	-500	-500	-500
år + spesialutgreiing 2017 2018					
Sum Vedtak førre periode		-500	-500	-500	-500
Sum Lønns- og prisvekst		221	221	221	221
Konsekvensjustert budsjett		141	141	141	141
Konsekvensjustert ramme		19 305	19 305	19 305	19 305
Politisk vedtak					
Etablerarlos	Teknisk	300	300	300	300
Etablering av desentralisert	Stab	80	80	80	80
høgskuletilbod på Voss					
Sum Politisk vedtak		380	380	380	380
Innsparingstiltak					
Avslutta prosjektorg. ny kommune	Administrasjon /	-50	-50	-50	-50
	politiske organ				
Ferdig prosjekt kommuneplan	Administrasjon /	-485	-966	-966	-966
	politiske organ				
Sum Innsparingstiltak		-535	-1 016	-1 016	-1 016
Nye tiltak					
Andre tiltak	Stab	1 324	1 024	1 024	1 024
Sum Nye tiltak		1 324	1 024	1 024	1 024
Nye tiltak og realendringar budsjett		1 169	388	388	388
Ramme 2020-2023		20 474	19 693	19 693	19 693

Samferdsel

Skildring av dagens verksemد

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vregar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Bømoen flyplass.

Voss Herad har 300 km kommunal veg (Voss: 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten med fast dekke og resten gruslagt. Tidlegare Voss kommune har 6 km gang- og sykkelvegar, omlag 100 bruer og 6 tunellar. Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikehald kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad.

Utfordringar og strategi

Det er utført mykje godt arbeid i form av oppgradering og vedlikehald av kommunale vregar både i Granvin herad og Voss kommune dei siste åra. Likevel er det viktig å oppretthalde denne satsinga i Voss herad, då det framleis er etterslep på vedlikehald av det kommunale vegnettet.

Oppgåver vert utført i tråd med prioritieringsliste for kommunale vregar. Til grunn for dette arbeidet ligg faglege vurderingar av trøng for oppgraderingar og vedlikehald sett i samanheng med trafikkettleik. Brøyting/strøging og vedlikehald etter vinterslitasje/skadar utgjer relativt stor del av budsjettet, men varierer frå år til år. Dette vert regulert i løpet av året med å prioritera opp og ned ulike drifts- og investeringstiltak, med mål om at driftsbudsjettet ikkje vert overskride. Føresetnaden er at det er investeringsmidlar til disposisjon innanfor tenesteområdet.

Ytre faktorar kan påverka framdrift og midlar til disposisjon for kommunale vregar. Uforutsette hendingar som flaum og ras medfører akutte tiltak, og er ofte svært kostbare. Av og til vert tiltak initiert av andre aktørar som til dømes vatn/avløp, elektrisk, fiber, fjermvarme og annan type utbygging. Dette kan vera tiltak som ikkje er fagleg prioritert innanfor tenesteområde veg isolert sett, men som er fornuftig å koordinera og gjennomføra samstundes.

Eit av måla under attraktive Voss i den førebelse kommuneplanen er at det vert "stimulert til at fleire av innbyggjarane syklar, går eller reiser kollektivt til og frå jobb". [Arealdel i kommuneplan for Voss kommune 2015-2026](#) (vedteken i KST 23.04.15) inneholder "Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum" (vedlegg 11 side 242-251). Dette vert arbeida vidare med som eitt av tre fokusområde i sentrumsplanen, som etter planen skal til politisk handsaming i 2020.

Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil administrasjonen jobba aktivt for:

- Effektiv drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- Auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Følgja opp og revidera prioritieringsliste for kommunale vregar
- Vurdera å redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

- Få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleislag, då det er stort etterslep på vedlikehald
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt

Særskilt for 2020

Det er etablert ny brøyteinstruks for Voss herad (Fellesnemnda 13.09.19 i sak 31/19), med same nivå for brøytestandard som tidlegare. Arbeidet med å inngå nye brøytekontrakter frå 2020 ser ut til å medføre prisauke med opptil 20%.

Det er ikkje funne rom i investeringsbudsjettet til nye vegprosjekt eller årleg løyving til kommunale bruker med 1,5 mill.kr. Fagleg vurdering er at dette bør løvvast midlar til, då manglande oppgradering på sikt kan føra til stengde vegar.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	4 469	4 991	5 618	5 618	5 618	5 618
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 768	25 631	22 725	24 725	24 625	24 325
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12	560	560	560	560	560
Overføringsutgifter	6 251	3 453	3 453	3 253	3 253	3 253
Finansutgifter	6 422	3 739	3 739	3 739	3 739	3 739
Sum Driftsutgifter	39 921	38 374	36 096	37 896	37 796	37 496
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-1 217	-739	-739	-739	-739	-739
Refusjoner	-6 574	-3 643	-3 643	-3 643	-3 643	-3 643
Sum Driftsinntekter	-7 792	-4 382	-4 382	-4 382	-4 382	-4 382
Sum	32 129	33 992	31 714	33 514	33 414	33 114

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss							
Innovative Voss	Voss herad skal la seg utfordra av innbyggjarar, aktørar frå næringsliv, utdannings- og forskinsinstitusjonar og andre	Tilby og gjennomføra prosjektoppgåve for bachelor/master innan VA (tenesteområde 14) eller samferdsel (tenesteområde 11) som del av utdanning	1	1	1	1	

Driftsbudsjett med endringar

Avdeling	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett	33 992	33 992	33 992	33 992
Sum Tekniske justeringar	1 779	1 779	1 779	1 779
Vedtak førre periode				
6.01 Reasfaltering vegar 2018	Teknisk	-3 000	-3 000	-3 000
6.2 Nye kommunale vegrar	Teknisk	0	200	400
6.9 Vedlikehald og reasfaltering av vegrar	Teknisk	-3 000	0	0
Sum Vedtak førre periode		-6 000	-2 800	-2 600
Sum Lønns- og prisvekst		514	514	514
Konsekvensjustert budsjett		-3 706	-506	-306
Konsekvensjustert ramme		30 285	33 485	33 685
Politisk vedtak				
Kommunale vegrar, vedlikehald	Teknisk	1 000	0	0
Sum Politisk vedtak		1 000	0	0
Innsparingstiltak				
Effektiviseringsskrav samferdsel	Teknisk	-200	-400	-400
Omklassifisering vegrar	Teknisk	-200	-400	-700
Sum Innsparingstiltak		-400	-800	-1 100
Nye tiltak				
Andre tiltak	Teknisk	128	128	128
Oksenhalvøya 12 km veg	Teknisk	700	700	700
Sum Nye tiltak		828	828	828
Nye tiltak og realendringar budsjett		1 428	28	-272
Ramme 2020-2023		31 714	33 514	33 414
				33 114

Innsparingstiltak

Effektiviseringsskrav samferdsel

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % frå 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringsskravet.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Omklassifisering vegar

Nedklassifisering - bruksendring av kommunale vegar. Vegar utan fastbuande. Omlag 10 km i økonomiplan-perioden.

Nye tiltak

Oksenhalvøya 12 km kommunal veg

Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Samferdsel					
17. Trafikksikringstiltak (jfr. Trafikksikringsplanen).	625	625	625	625	2 500
20. Veginvestering/ Vegpakke Opprusting av kommunale veger	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Sum Samferdsel	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum investeringsprosjekter	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000

Eigedom og bustad

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under tenesteområda i tabellen nedanfor, og skal omtalast der:

Tenesteområde	Funksjon
1 Administrasjon og leiing	130 administrasjonslokale
2 Grunnskule	222 Skulelokale og -skyss
3 Barnehage	221 Barnehagelokale og -skyss
7 Omsorg	234 Aktivitsering av eldre og funksjonshemma 261 Institusjonslokale
9 Kultur og fritid (inkl. Kyrkja)	381 Kommunale idrettsanlegg/bygg 386 Kommunale kulturygg

Tenestområdet har ansvar for generell forvalting av kommunale eigedomar og bygg, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffe eigen bustad sjølv, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangvegar og andre mindre samferdsleanlegg. I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene.

Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- Oppretta eiga prosjektavdeling for å løysa større investeringsoppgåver.
- Følgja opp målsetjingar i Bustadsosial handlingsplan 2018-2022, vedteken i Voss kommunestyre 18.10.2018 (sak 38/18).
- Utøva god eigedomsforvaltning ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdiagonert eller avhenda.
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt.
- Betra kommunikasjon internt i bygg og eigedomsavdelinga (BOE) og mellom BOE og brukarar, slik at vedlikehaldet kan planleggja og utføra
- Omorganisering av reinhaldstenesta for å få betre samordning og profesjonalisering av faget
- Heva standard på offentlege fellesareal i sentrum, jf arbeid med ny Sentrumsplan.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Særskilt for 2020

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	28 463	24 813	31 156	30 656	30 356	30 156
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	13 245	17 643	16 221	15 121	15 121	15 121
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	512	245	245	245	245	245
Overføringsutgifter	1 457	989	989	789	789	789
Finansutgifter	4 705	4 502	5 002	5 002	5 002	5 002
Sum Driftsutgifter	48 382	48 191	53 613	51 813	51 513	51 313
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-26 884	-29 973	-30 524	-30 524	-30 524	-30 524
Refusjoner	-2 919	-1 462	-1 532	-1 532	-1 532	-1 532
Sum Driftsinntekter	-30 303	-31 435	-32 056	-32 056	-32 056	-32 056
Sum	18 079	16 756	21 557	19 757	19 457	19 257

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn.	Kostragr
Attraktive Voss	Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar	Nyetablering av alternative bustader	12	12	12	12		
Innovative Voss	Tilby ei stor breidd av lære plassar i Voss herad	Engasjera lærlingar innanfor tekniske fag	1	1	1	1		

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		16 756	16 756	16 756	16 756
Sum Tekniske justeringar		-3 453	-3 453	-3 453	-3 453
Vedtak førre periode					
6.3 Lundhaugen omsorgsbustader	Teknisk	500	500	500	500
6.5 Rammekutt grunnet redusert integreringstilskot	Teknisk	-100	-300	-300	-300
Sum Vedtak førre periode		400	200	200	200
Sum Budsjettendring i år		500	500	500	500
Sum Lønns- og prisvekst		-50	-50	-50	-50
Konsekvensjustert budsjett		-2 603	-2 803	-2 803	-2 803
Konsekvensjustert ramme		14 153	13 953	13 953	13 953
Politisk vedtak					
Tinghusplassen	Teknisk	1 000	0	0	0
Universell utforming	Teknisk	500	500	500	500
Sum Politisk vedtak		1 500	500	500	500
Innsparingstiltak					
Omorganisering av reinhald, samordning/profesjonalisering	Teknisk	300	-300	-600	-800
Sum Innsparingstiltak		300	-300	-600	-800
Nye tiltak					
Andre tiltak	Teknisk	5 604	5 604	5 604	5 604
Sum Nye tiltak		5 604	5 604	5 604	5 604
Nye tiltak og realendringar budsjett		7 404	5 804	5 504	5 304
Ramme 2020-2023		21 557	19 757	19 457	19 257

Investeringsbudsjett

<i>Beløp i 1000</i>	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter					
Eigedom og bustad					
12. Bygg og eigedom -utskifting av bilar	500	500	500	500	2 000
14. Fornyng av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Lagerbygg BOE og driftsavd Istadmyrane, fullfinansiering	14 875	0	0	0	14 875
Sum Eigedom og bustad	18 375	3 500	3 500	3 500	28 875
Sum investeringsprosjekter	18 375	3 500	3 500	3 500	28 875

12. Bygg og eigedom -utskifting av bilar

Utskifting av eldre bilar.

14. Fornyng av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald

Det er naudsnt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringsetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.

Lagerbygg BOE og driftsavd Istadmyrane, fullfinansiering

Erstatning for lagerlokale til teknisk utstyr som Voss kommune har leigd på Bømoen og Istad. Kostnader med prosjektet vert finansierast av innsparing av husleige.

Brann og ulukkesvern

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet inneholder arbeid og tiltak for å førebygge branner og andre ulukker. Hovedaktiviteten er feiring av piper og tilsyn som vert dekket av feiegebyret, då dette er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å trygge innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem også oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovedbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar stasjonert på Evanger, Vossestrand og i Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

Truleg vert det inngått avtale om å kjøpa brannsjefstjenester i Voss herad frå tidlegare samarbeidspartar med Granvin herad; Ulvik herad og Eidfjord kommune.

Utfordringar og strategi

Tilsyn i 2017-2019 viser at Voss herad ikkje har tilfredsstillande tilhøve for brannmannskap og feiarar verken på hovedbrannstasjonen på Vangen eller bistasjonane på Vossestrand og i Granvin. Eksisterande brannstasjon er verken funksjonell eller har plass nok til naudsynt personale etter kommunesamanslåinga. Vidare har brannmannskap krav på trygge tilhøve å utøva brannberedskapen i. Arbeidstilsynet har peika på så store manglar ved dagens situasjon at det er helsefarleg for brannmannskap og feiarar slik tilhøva er pr. i dag. Garderobetilhøva til brannmannskap er ikkje i tråd med krava sett i arbeidsmiljølova. For å bøta på den helsefarlege tilstanden, vart det teke i bruk mellombels modulbygg på Vangen i 2019. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med forprosjekt for ny brannstasjon. I økonomiplan 2019-2022 er det lagt inn midlar til oppstart av ny stasjon i 2022.

Hovedprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- Gjennomføra av Ny brannordning Voss herad, vedteke av fellesnemnda 25.01.2019 (sak 1/19).
- Etablere lokale for brannmannskap og feiarar som stettar krava i arbeidsmiljølova på hovedbrannstasjon og alle bistasjonar.
- Få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Særskilt for 2020

Rådmannen har i sitt framlegg til årsbudsjett og revisjon av økonomiplan 2020-2023 endra tidsplan på utbetring av brannstasjon på Vinje/Vossestrand. Bygging av ny brannstasjon i samarbeid med Røde Kors er no framskunda med oppstart i 2020 og ferdigstilling i 2021. Tiltaket var tidlegare planlagt i slutten av planperioden.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	14 059	13 989	14 435	14 435	14 435	14 435
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 893	2 965	3 102	3 102	3 102	3 102
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	749	975	1 108	1 108	1 108	1 108
Overføringsutgifter	353	146	146	146	146	146
Finansutgifter	868	525	525	525	525	525
Sum Driftsutgifter	18 922	18 599	19 315	19 315	19 315	19 315
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-5 291	-5 075	-5 075	-5 075	-5 075	-5 075
Refusjoner	-1 197	-951	-731	-731	-731	-731
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-91	-91	-91	-91
Sum Driftsinntekter	-6 488	-6 026	-5 897	-5 897	-5 897	-5 897
Sum	12 434	12 573	13 418	13 418	13 418	13 418

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål	2020	Mål	2021	Mål	2022	Mål	2023	Gj.sn.
			Kostr	gr							
Innovative Voss	Tilsette og leiarar skal ha kompetanse og mynde til å kontinuerleg forbetningsarbeid	Tryggast mogeleg arbeidsmiljø for feiarar, der tilsette ikke får skadar i arbeidssituasjon. Tal innmeldte yrkesskadar	0	0	0	0	0	0	0	0	

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		12 573	12 573	12 573	12 573
Sum Tekniske justeringar		405	405	405	405
Sum Lønns- og prisvekst		106	106	106	106
Konsekvensjustert budsjett		511	511	511	511
Konsekvensjustert ramme		13 084	13 084	13 084	13 084
Nye tiltak					
2/3 stilling brannsynspersonell med ny brannordning	Teknisk	620	620	620	620
Andre tiltak	Teknisk	-839	-839	-839	-839
Medlemskap i Vest brann og redning med oppstart 2020	Teknisk	133	133	133	133
Timeløn frå Granvin	Teknisk	420	420	420	420
Sum Nye tiltak		334	334	334	334
Nye tiltak og realendringar budsjett		334	334	334	334
Ramme 2020-2023		13 418	13 418	13 418	13 418

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter					
Brann og ulukkesvern					
35. Brannstasjon	0	0	11 250	76 250	87 500
Brannstasjon Vossestrand	4 375	3 750	0	0	8 125
Feiarbil	550	0	0	0	550
Sum Brann og ulukkesvern	4 925	3 750	11 250	76 250	96 175
Sum investeringsprosjekter	4 925	3 750	11 250	76 250	96 175

Brannstasjon Vossestrand

Fellesnemnda godkjente 29.08.19 avtale med Vossestrand Røde Kors om samarbeid om nytt, felles beredskapshus for Vossestrand. Investeringsmidlar på kr 6,5 mill kr til nytt bygg på Vossestrand, vert flytt fram frå 2023 i økonomiplanen for 2020-2023 og lagt inn i investeringsbudsjettet for 2020. Driftskostnader med nybygget vert dekkja av dagens leigekostnader på Vinje.

Feiarbil

Bil til feiartenesta.

Vatn, avlaup og renovasjon

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS).

Hovudoppgåvane til VA-avdelinga er å produsere tilstrekkeleg vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avlaupsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljølempar i vassdrag og sjø. Tømming og handsaming av slam frå septiktankar og tømmestasjon for bubar sorterer også innafor dette tenesteområdet.

Tidlegare Voss kommune har 8 vassbehandlingsanlegg, 160 km vassleidningar, 33 pumpestasjonar og 16 høgdebasseng. Tilsvarande utgjer avløpsanlegga 11 reinseanlegg, 118 km spillvassleidningar og 28 pumpestasjonar. Tidlegare Granvin har 2 vassbehandlingsanlegg men ikkje reinseanlegg, berre slamavskiljarar som vert tømt regelmessig. I tillegg kjem Oksenhalvøya med 1 mindre vassbehandlingsanlegg med 10 abonnentar og ein stor slamavskiljar.

Økonomiplan og budsjett for tenesteområdet syner negative tal, noko som betyr at tenesteområdet totalt sett har netto inntekter. Det vert utarbeida kalkylar for kvart enkelt sjølvkost-område, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

Utfordringar og strategi

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Kommunen arbeider med å få bygt eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå grunnvassbrønnar i Prestegardsmoen. Dette er ei sårbar løysing, og det er venta at heradet har eit anlegg på plass i Bømoen i løpet av økonomiplanperioden. Driftsutgifter vert dekka av gebyr og er derfor ikkje synleg i nettoraamma.

Det planlagt ein gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn. Heradet vil spesielt ha fokus på å auka utskifting av leidningsnettet for å hindra ikkje-planlagde brot. Gjennom auka separering av overflatevatn og kloakk kan me redusere mengdene kloakk gjennom pumper, leidningsnett og reinseanlegget på Gjernes og redusera kostnaden.

Heradet er med i eit utgreiingsarbeid i Myrdalen når det gjeld utbygging av vatn- og avløpsløysingar for den vidare utbygginga der. Totalt er det planlagt 3500 bueiningar i Myrdalen, noko som betyr vassverk og kloakkreinseanlegg på storleik med Vossevangen sine anlegg. Det påbyrja utgreiingsarbeidet skal gje heradet grunnlag for å vurdera kva rolle Voss herad skal ha i høve utbygging og drift av vass- og avløpsanlegg for heile den planlagde vidare utbygginga.

Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt med:

- Planlegging, vurdering og val av løysingar for vassverk på Bømoen.
- Bidra i utgreiingsarbeid som beslutningsunderlag for heradet si rolle i utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrdalen.
- Etablere langsigkt strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

- Oppfølging av hovedplan avløp, vedteken i kommunestyret.
- Gjennomgang og revisjon av hovedplan vatn.

Særskilt for 2020

Fellesnemnda la 13.09.19 i sak 33/19 «Kommunal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Voss herad» ut på høyring.

«Forskrift om tømming av avløpsanlegg og betaling av gebyr» vert lagt fram for politisk handsaming.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	13 521	14 372	14 655	14 655	14 655	14 655
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	18 282	18 026	18 054	18 054	18 054	18 054
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 286	3 748	4 418	4 418	4 418	4 418
Finansutgifter	12 046	8 895	8 895	8 895	8 895	8 895
Sum Driftsutgifter	48 138	45 040	46 021	46 021	46 021	46 021
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-51 787	-47 329	-47 859	-47 859	-47 859	-47 859
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 974	-1 645	-1 975	-1 975	-1 975	-1 975
Sum Driftsinntekter	-54 071	-48 974	-49 834	-49 834	-49 834	-49 834
Sum	-5 933	-3 934	-3 813	-3 813	-3 813	-3 813

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Gj.sn.
			2020	2021	2022	2023	Kostra gr
Innovative Voss	Tilsette og leiarar skal ha kompetanse og mynde til å gjennomføra kontinuerleg forbetringssarbeid	Gjennom aktivt lekkasjesøk redusera mengde produsert vatn pr døgn (i m ³)	3 700,0	3 600,0	3 500,0	3 500,0	
		Utskifting/rehabilitering av kommunalt VA-ledningsnett	0,8 %	1,0 %	1,0 %	1,2 %	
	Voss herad skal la seg utfordra av innbyggjarar, aktørar frå næringsliv, utdannings- og forskningsinstitusjonar og andre	Tilby og gjennomføra prosjektoppgåve for bachelor/master innan VA (tenesteområde 14) eller samferdsel (tenesteområde 11) som del av utdanning	1	1	1	1	

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		-3 934	-3 934	-3 934	-3 934
Sum Tekniske justeringar		598	598	598	598
Sum Lønns- og prisvekst		-480	-480	-480	-480
Konsekvensjustert budsjett		118	118	118	118
Konsekvensjustert ramme		-3 816	-3 816	-3 816	-3 816
Nye tiltak					
Andre tiltak	Teknisk	3	3	3	3
Sum Nye tiltak		3	3	3	3
Nye tiltak og realendringar budsjett		3	3	3	3
Ramme 2020-2023		-3 813	-3 813	-3 813	-3 813

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter					
Vatn, avlaup og renovasjon					
15. Hovudplan Vatn	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
16. Hovudplan Avlaup	3 000	3 000	3 250	3 250	12 500
Sum Vatn, avlaup og renovasjon	6 000	6 000	6 500	6 500	25 000
Sum investeringsprosjekter	6 000	6 000	6 500	6 500	25 000

15. Hovudplan Vatn

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande, med brukarbetaling.

16. Hovudplan Avlaup

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande, med brukarbetaling.

Politisk styring

Skildring av dagens verksemd

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Politisk styringsmodell vart vedtatt av Fellesnemnda 5.04.19, jf. oversikt under.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for og avvikle politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvaret for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.

Hovudprioriteringar

Gjennom planperioden vil det jobbast for å:

- Sikra gode avgjerdss prosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Sjå til at Voss herad i alle samanhengar opererer innafor gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.

Særskilt for 2020

Det er lagt opp til oppæringsaktivitetar for folkevalde òg i 2020.

Det er lagt inn budsjett for Kontrollutvalet i samsvar med vedtaket i møtet 17.09.2019. [Møteinkalling Kontrollutvalet 17.09.19 med budsjettframlegg](#). Dette omfattar ein auke i revisjonsutgifter samanlikna med det Granvin og Voss hadde samla i 2019.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	4 273	4 918	3 785	3 785	3 785	3 785
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 541	1 591	1 342	1 342	1 342	1 342
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 691	1 463	1 619	1 619	1 619	1 619
Overføringsutgifter	397	2 395	949	949	949	949
Sum Driftsutgifter	11 903	10 367	7 695	7 695	7 695	7 695
Driftsinntekter						
Refusjoner	-166	-87	-90	-90	-90	-90
Sum Driftsinntekter	-4 278	-87	-90	-90	-90	-90
Sum	7 625	10 280	7 605	7 605	7 605	7 605

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		10 280	10 280	10 280	10 280
Sum Tekniske justeringar		-674	-674	-674	-674
Sum Lønns- og prisvekst		194	194	194	194
Konsekvensjustert budsjett		-480	-480	-480	-480
Konsekvensjustert ramme		9 800	9 800	9 800	9 800
Politisk vedtak					
Finansiering av driftstiltak, vedtak årsbudsjett 2020	Administrasjon / politiske organ	-500	-500	-500	-500
Sum Politisk vedtak		-500	-500	-500	-500
Innsparingstiltak					
Avslutta Fellesnemnd	Administrasjon / politiske organ	-320	-320	-320	-320
Innsparing kommunestyre og nemnder	Administrasjon / politiske organ	-1 315	-1 315	-1 315	-1 315
Sum Innsparingstiltak		-1 635	-1 635	-1 635	-1 635
Nye tiltak					
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	-60	-60	-60	-60
Sum Nye tiltak		-60	-60	-60	-60
Nye tiltak og realendringar budsjett		-2 195	-2 195	-2 195	-2 195
Ramme 2020-2023		7 605	7 605	7 605	7 605

Finansielle postar/økonomi

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivingar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivingane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

Utfordringar og strategi

Dei største endringane på tenesteområdet finans er i samband med pensjon, og tekniske justeringar relatert til premieavvik. Kvart tenesteområde må føre pensjon på sine område basert på lønsutgiftene dei har, men det vil i tillegg oppstå eit rekneskapsmessig avvik som vert ført sentralt. Dette premieavviket framkjem som forskjellen mellom det kommunen skal betala av premier, og det som skal bokførast etter eigne reglar i rekneskapsåret. Storleiken på avviket varierar ofte frå år til år, og avheng av kor mykje premiefond som vert nytta. Tidlegare års premieavvik skal amortiserast over eitt år. Det vil seie at det avviket som oppstod førre året skal belastast innoverande rekneskapsår. Rådmannen legg til grunn ei stabil bruk av premiefond i planperioden (18 mill.kr i 2020).

Kjøp og sal av konsesjonskraft er også ein av dei større postane på dette tenesteområdet. Konsesjonskraft vert seld kvart år, og inntektene kommunen får her varierar ettersom kraftprisen varierer med marknaden. I 2020 er omtrent 60 Gwh seld, for 35,24 øre /kwh. Kraft for åra etter dette er ikkje seld enno, og kan derfor avvike frå dette.

Budsjettframlegget er basert på kunnskap om ulike forhold som er kjend på tidspunkt for budsjettarbeidet

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	-19 557	-11 825	-26 767	-26 767	-26 767	-26 767
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	651	263	263	263	263	263
Overføringsutgifter	7 570	-6 409	8 395	7 254	3 831	3 831
Finansutgifter	89 862	78 375	101 719	103 348	104 487	109 237
Sum Driftsutgifter	78 526	60 404	83 610	84 098	81 814	86 564
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-15 237	-21 789	-22 789	-22 789	-22 789	-22 789
Overføringsinntekter	-1 021 475	-1 027 873	-1 100 146	-1 079 438	-1 081 954	-1 083 704
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-98 308	-84 509	-80 692	-82 692	-82 692	-82 692
Sum Driftsinntekter	-1 139 153	-1 134 171	-1 203 626	-1 184 918	-1 187 434	-1 189 184
Sum	-1 060 627	-1 073 767	-1 120 016	-1 100 820	-1 105 620	-1 102 620

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000		Økonomiplan				
		Avdeling	2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett			-97 607	-97 607	-97 607	-97 607
Sum Tekniske justeringar			-1 160	-1 160	-1 160	-1 160
Vedtak førre periode						
6.9 Vedlikehald og reASFaltering av vgar	Teknisk		3 000	0	0	0
8.03 Bruk av premiefond	Finans		5 000	4 000	1 000	1 000
8.10 Redusert arbeidsgiveravgift pga bruk av premiefond	Finans		705	564	141	141
Sum Vedtak førre periode			8 705	4 564	1 141	1 141
Sum Lønns- og prisvekst			-694	-694	-694	-694
Konsekvensjustert budsjett			6 851	2 710	-713	-713
Konsekvensjustert ramme			-90 756	-94 897	-98 320	-98 320
Innsparingstiltak						
Avslutta prosjektorg. ny kommune	Administrasjon / politiske organ		8 162	8 162	8 162	8 162
Justert beløp sal konsesjonskraft	Finans		-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Innsparingstiltak			7 162	7 162	7 162	7 162
Nye tiltak						
Andre tiltak	Teknisk		1 000	0	0	0
Rammeendring premieavvik	Finans		-5 489	-5 489	-5 489	-5 489
Sum Nye tiltak			-4 489	-5 489	-5 489	-5 489
Nye tiltak og realendringar budsjett			2 673	1 673	1 673	1 673
Ramme 2020-2023			-88 083	-93 224	-96 647	-96 647

Grunnskule

Skildring av dagens verksemd

Voss herad vil gi undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to kombinerte barne og ungdomsskular (Vossestrand og Granvin), og éin rein ungdomsskule. Våren 2019 var elevtalet:

	Barnetrinnet	Ungdomstrinnet	Sum
Granvin	64	29	93
Voss	1 250	515	1 765
Sum	1 314	544	1 858

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular frå 2020. Tre av skulane, Vangen, Palmafossen og Skulestad skular tilbyr utvida SFO tilbod i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

Utfordringar og strategi

Skulesektoren er ein sektor med utfordringar på fleire område og på fleire nivå.

Det å få gode tilbod til barn med spesifikke vanskar og utfordringar på eit så tidleg stadium som råd, er både ei utfordring og ei viktig strategisk satsing i åra framover. Det er ynskjeleg å byggje opp gode strukturar, rammer og miljø for desse borna. Talet elevar som treng særskilt tilrettelegging aukar. Det må skapast gode rutinar slik at desse vert fanga opp tidleg. Dette krev omdisponering av ressursar til bemanning, kompetanseheving og tilrettelegging av bygg slik at desse vert funksjonelle til den elevgruppa ein har til ei kvar tid.

Hausten 2019 vert dei nye fagplanane i fagfornyinga vedtekne. Implisitt i dei nye læreplanane, ligg det eit auka fokus på digitalisering, koding, programmering og digitale verktøy. Per i dag har skulane låg dekningsgrad av datamaskiner/nettbrett til elevane. Skal ein møte dei nye krava i ny læreplan, fordrar det ei større digital satsing. For å møte dei nye krava i ny læreplan, treng ein ei dekningsgrad på éi datamaskin/nettbrett per elev. Pr. no er dekningsgraden om lag 1 til 4 på barnestegsskulane. Fleire av skulane har ein gamal datapark og treng ei opprusting.

Bygningsmassen til skulane ber preg av slitasje og därleg vedlikehald. Fleire av skulane er ikkje godkjent innan miljøretta helsevern. Fleire av skulane er no bestemt rehabilert. Dette gjeld Skulestad skule, Vangen skule og Voss ungdomsskule som alle treng vesentleg utbetring. Rådmannen er i ferd med å greie ut prosjekta på den einskilde skule, og det er løyvd midlar til for-prosjektering på alle tre skulane. Det er svært viktig at alle skular har eigen gymsal. Ny løysing på ungdomsskulen må prioriterast i økonomiplanen. Det er òg behov for tilrettelagt lokale for elevar med sterkt nedsett funksjonsevne. Dette bør sjåast i samanheng med eit eventuelt nybygg på ungdomsskulen. Voss ungdomsskule har også for få klasserom og grupperom. Ved ei utbygging av gymsal, er det behov for å få inn minimum to klasserom og to grupperom for å sikre ei god skuledrift ved skulen.

Fleire av dei andre skulane har store behov for rehabilitering etter mange år med knappe vedlikehaldsbudsjett. Det bør prioriterast eit generelt vedlikehaldsløft for alle skulane.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Fagfornyinga krev at læreverk og læremidlar må fornyast. Dette er kostnadskrevjande, og midlar bør prioriterast. Kostnader knytt til digitale verktøy som smarttavle, vedlikehald av datamaskiner og digitale lisensar har også vorte vesentleghøgare dei seinare åra, og budsjettet er noko styrka til dette.

Det har vore utfordrande i dei seinare åra å få faglærte vikarar utover i skuleåret. 5 - 10 faste vikarstillingar som dekkjer opp noko av vikarbehouvet på dei ulike skulane vert prioritert.

Hovudprioriteringar

I planperioden vil ein ha fokus på følgande tiltak:

- Skapa økonomisk rom til å gjennomføra tidleg innsats for dei minste elevane
- Sikra god digital satsing i Vossaskulen
- Gjennomføra naudsynte utbetringar av Vangen og Skulestad skule samt greie ut og få på plass ny løysing for gymsal, tilrettelagde undervisingsrom og klasserom ved Voss ungdomsskule
- Tilsetja faste vikarar for å sikra ei forsvarleg opplæring til ei kvar tid i skulane
- Gjennomføra nødvendig vedlikehald på skulane

Særskilt for 2020

Digitalisering

Både i 2019 og i 2020 er det avsett 0,5 mill.kr til digitalisering i skulen. Det vert jobba med utarbeiding av ein digital strategi for skulane. Denne vil bli lagt fram for levekår og Heradsstyret så snart den er klar. Førebels vert det satsa på å auke tilgang på nettbrett og på auka kompetanse hjå lærarar på nokre klassetrinn. Målet er at digitale hjelpemiddel vert ein integrert del av skulekvardagen og eit naturleg verktøy for både lærarar og elevar for å fremja variert og tilpassa undervisning.

Driftsbudsjetten

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	209 345	213 831	231 038	231 038	231 038	231 038
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	34 796	29 629	31 074	31 074	31 074	31 074
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14 154	8 901	6 772	6 772	6 772	6 772
Overføringsutgifter	5 363	6 763	3 844	2 694	2 694	2 694
Finansutgifter	11 294	8 247	8 247	8 247	8 247	8 247
Sum Driftsutgifter	274 951	267 371	280 976	279 826	279 826	279 826
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-8 502	-9 154	-9 154	-9 154	-9 154	-9 154
Refusjoner	-32 757	-26 886	-24 137	-24 137	-24 137	-24 137
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-297	-1 050	0	-480	-480	-480
Sum Driftsinntekter	-41 577	-37 090	-33 291	-33 771	-33 771	-33 771
Sum	233 374	230 281	247 685	246 055	246 055	246 055

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørsle	Andel elever på mestringsnivå 1 på nasjonal prøve i regning (5. trinn)	20,0				22,8
		Elevenes opplevelse av lærernes praktisering av prinsippene for Vurdering for læring, sammenlignet med et nasjonalt gjennomsnitt		3,4			3,3
		Elevenes opplevelse av trygt læringsmiljø fritt for mobbing, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt		4,8			7,0
		Elevenes opplevelse av utdannings- og yrkesråd- givningen, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt		3,9			3,8
		Gjennomsnittlig grunnskolepoeng 10. trinn	42,0				41,8
		Gjennomsnittsresultat på nasjonal prøve i regning på 8. trinn	50,0				50,0
		Gjennomsnittsresultat på nasjonal prøve i regning på 9. trinn	52				54

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling		Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		230 281	230 281	230 281	230 281
Sum Tekniske justeringar		-402	-402	-402	-402
Vedtak førre periode					
2.1 Auke i driftsbudsjett skular.	Oppvekst	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
2.2 Meistringsteam	Oppvekst	3 500	3 500	3 500	3 500
2.36 Auka driftsutgifter Voss ungdomsskule 2018	Oppvekst	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
KST: Reduksjon SFO betaling	Oppvekst	250	250	250	250
Sum Vedtak førre periode		-1 550	-1 550	-1 550	-1 550
Sum Budsjettendring i år		5 716	5 716	5 716	5 716
Sum Lønns- og prisvekst		1 887	1 887	1 887	1 887
Konsekvensjustert budsjett		5 651	5 651	5 651	5 651
Konsekvensjustert ramme		235 932	235 932	235 932	235 932
Politisk vedtak					
Finansiering av driftstiltak, vedtak årsbudsjett 2020	Oppvekst	-500	-500	-500	-500
Sum Politisk vedtak		-500	-500	-500	-500
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav, grunnskule	Oppvekst	-1 150	-2 300	-2 300	-2 300
Flytta skule- og barnehagerådgjevar Granvin	Oppvekst	300	300	300	300
Sum Innsparingstiltak		-850	-2 000	-2 000	-2 000
Nye tiltak					
IT-utstyr i grunnskulen	Oppvekst	1 000	1 000	1 000	1 000
Kompetanseheving ved digitalisering	Oppvekst	700	700	700	700
Tidlig innsats i skulen, innlemming i rammetilskot	Oppvekst	3 661	3 661	3 661	3 661
Andre tiltak	Oppvekst	7 742	7 262	7 262	7 262
Sum Nye tiltak		13 103	12 623	12 623	12 623
Nye tiltak og realendringar budsjett		11 753	10 123	10 123	10 123
Ramme 2020-2023		247 685	246 055	246 055	246 055

Vedtak førre periode

2.1 Auke i driftsbudsjett skular.

Er hovudsakleg knytta opp mot meistringsteam.

2.2 Meistringsteam

Oppvekst ser behov for å etablere eit ambulerande team for elevar med ulike åtferds- og samspelsvanskar, og som har vedtak etter § 2.6 og/eller § 5.1.

Voss kommune har relativt store utfordringar i oppvekstsektoren. Dette kan delvis forklaraast med at kommunen har 2 barneheimar, tek i mot flyktningar (EM-tiltak), fleire barneverns-saker og tidvis opphoping av utfordringar i elevgruppa.

Det vert i dag nytta mykje ressursar, både økonomiske og menneskelege på å finna ad hoc-løysingar når behov for alternative tiltak oppstår. Med eit ambulerande team eller ein base for opplæring utanfor skulen, der elevar i periodar får tett og relevant oppfølging av eit tverrfagleg team, vil det heile vera meir føreseieleg for både tilsette, elevar og foreldre/føresette.

Personalelet (i eit ambulerande team) kan fungera som eit rettleiingsteam overfor skulane i utfordrande saker. Likeins kan dei driva utøvande verksemد på dei ulike skulane og/eller ein alternativ arena. På den måten vert det førebyggjande aspektet også ivaretatt på ein god måte.

Mange av skulane har elevar som ikkje kan delta i vanleg undervisning og som ikkje kan vere i skulebygget på grunn av utryggheit eller åtferd gjerne knytt til traume eller liknande. Skulane må pr. i dag bygge kompetanse, organisere og tilsette eigna personale kvar for seg. Det er krevjande å finne kompetente folk, og det er utfordrande å finna lokale i slike saker. Med ei fast organisering, kan me bygga kompetanse og ha ein meir føreseieleg økonomi. I dag går det altfor lang tid frå behovet oppstår til me har plass noko som fungerer.

Tilbakeføring til ordinær skule og klasse skal vera hovudmålet for alle elevar som mottar alternativ opplæring. Progresjonen i ei slik tilbakeføring er avhengig av eleven si utvikling, der det alltid skal takast omsyn til eleven sitt beste

Politisk vedtak

Finansiering av driftstiltak, vedtak årsbudsjett 2020

Reduksjon digitalisering, vedtak 12.12.19

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav, grunnskule

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % frå 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Nye tiltak

IT-utstyr i grunnskulen

I 2020 kjem det ny læreplan med fokus på digitalisering. Oppvekst ynskjer difor å prioritera innkjøp av digitale flater til både personalet og elevar. Alle pedagogar må ha ein PC og alle tilsette må ha tilgang på digitale flater.

Me ynskjer 1:1 dekning for alle elevar i vossaskulen.

Kompetanseheving ved digitalisering

Digital satsing krev også auka kompetanse mellom dei tilsette i barnehagar og skule. I tillegg til fagfornyinga har oppvekst innført ei ny læringsplattform. Også dette krev opplæring. Dette kan løysast anten ved at dei lærarane som alt er i kommunen driv opplæring rundt på skular og barnehagar, eller ved at oppvekst tilsett eigne medarbeidere som hjelper oss med denne jobben. Kostnaden med dette vil vere om lag kr. 700 000,-.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter					
Grunnskule					
11. Diverse takrehab. kommunale bygg	2 500	2 500	3 750	3 750	12 500
2. Større inventar/utstyr i skuler barnehagar inkl. bilar	1 751	1 751	0	0	3 503
29. Rehabilitering av toalett i skulane	0	2 500	2 500	2 500	7 500
3. Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid	1 250	1 250	2 500	2 500	7 500
31. Tiltak skulebygg, KST sak 58/17	3 750	3 750	0	0	7 500
4. Mindre tilpassingar bygg p.g.a. særlege behov hjå elevar	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Rehabilitering grunnskule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	17 500	0	17 500
Rehabilitering skule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	0	0	0	18 750	18 750
Ungdomsskulen idrettsfløy prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert	6 250	37 500	43 750	0	87 500
Sum Grunnskule	18 001	51 751	72 500	30 000	172 253
Sum investeringsprosjekter	18 001	51 751	72 500	30 000	172 253

11. Diverse takrehab. kommunale bygg

Behov for rehabilitering av tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustader og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trøng for årleg løying på 2,5 mill.kr. Oppstart av årleg vedlikehaldsløyingar er frå 2020.

2. Større inventar/utstyr i skuler barnehagar inkl. bilar

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.

31. Tiltak skulebygg, KST sak 58/17

Det er utarbeidd kostnadskalkylar for følgjande tre prosjekt som i saka er tilrådd gjennomført på kort sikt: 1. Ungdomsskulen - Planarbeid for ny idrettsfløy vert starta opp. I ein eventuell ny fløy skal det byggjast ny kroppsøvingssal m/amfiløsing og klasserom. Planarbeidet skal òg vurdera om eit nybygg kan sikra naudsynt utviding av arealet slik at skulen kan ta imot minst 520 elevar og 20 klassar.

Planarbeidet må sjåast i samanheng med det pågående arealplanarbeidet for sentralidrettsanlegget og området rundt. 2. Oppussing av Vangen skule i samsvar med arbeidsgruppa sine innspel til kortsiktige løysingar slik at skulen får tilfredsstillande løysingar for personale og at alle rom i bygget blir rehabilitert fullt ut. 3. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstiller krav for personale og elevar i framtida. På lang sikt: 1. Sentrumsplanen skal innehalda vurderingar om kvar det kan byggast nye skular i sentrumsområdet. Skulestrukturen i sentrumsområdet vert å koma tilbake til. 2. Utbygging ved Palmafossen blir vurdert dersom bygging av bustader i krinsen held fram i same omfang som no, det er mange ledige tomter i inntaksområdet til Palmafossen. Dersom blir godkjent at det skal byggjast bustader i Bømoen må skulen byggast på. Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular

Rehabilitering grunnskule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

Rehabilitering av grunnskular, som t.d. oppussing av delar av Skulestad skule og Vangen skule. Prosjektering av Skulestad og Vangen skule er finansiert. Oppgraderinger som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular

Rehabilitering skule prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

Rehabilitering av grunnskular, som t.d. oppussing av delar av Skulestad skule og Vangen skule. Prosjektering av Skulestad og Vangen skule er finansiert. Oppgraderinger som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular.

Ungdomsskulen idrettsfløy prosjektering finansiert - totalkostnad stipulert

For idrettsfløyen vurderer rådmannen at ein har 3 alternativ med ulikt omfang og storleik. Investeringa knytt til ny gymsal er estimert til kr 70 millionar. Det er ynskjeleg å tilrettelegga for elevar med spesielle behov og auke kapasiteten til ungdomsskulen. Den totale investeringa på ynskja alternativ blir omlag kr 100 millionar. Rådmannen har ikkje funne rom for dette i økonomiplan og alternativ med lågare totalkostnad er lagt inn i planen.

Barnehage

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar 9 kommunale og 8 private barnehagar og styrkt barnehagertilbod. I tillegg kjem Vonheim open barnehage. Per 15.12.2018 er det samla for Voss herad 810 barn i barnehage fordelt på 466 i kommunale og 344 i private barnehagar, med ei samla barnehagedekning på 94 % .

Utfordringar og strategi

Hovudutfordringa innan tenesteområdet er å ha nok barnehageplassar slik at alle som ynskjer får plass uavhengig alder og når ein måtte ynskje barnehageplass. Skal Voss herad verta ein attraktiv plass å busetta seg, må kommunen ha tilstrekkeleg kapasitet til veksten.

Alle med rett på plass etter lovkrav, får i dag tilbod om plass. Barn som søker etter fristen eller ynskjer plass utanom hovudopptaket, er det per i dag ikkje plass til. Det har i mange år vore eit press på barnehageplassar i sentrumsområdet og det er difor viktig skapa rom for å auke tal barnehageplassar i sentrum.

Kommunen har ein del därlege og nedslitne barnehagar som treng nye lokale eller rehabilitering/oppgradering. Det er behov for ein ny barnehage på Bulken. Gjernes, Bjørgamarka og Voss barnehage har behov for rehabilitering/oppgradering og i den samanheng kunne ein også ha sett på moglegheita for å auke tal barnehageplassar i desse barnehagane.

Det er tre barnehagar som har utegrupper, tre kommunale og éin privat. Dette barnehagertilbodet er populært og i planperioden kan det vurderast om det skal etablerast éin ny utebarnehage der tilbodet i dei tre barnehagane vert samla.

Per i dag har Voss herad ikkje ein digital kommunikasjonsplattform mellom den einskilde barnehage og foreldre føresette og dette bør prioriterast i planperioden.

Elles er det behov for å tilsetja 3-4 faste vikarar som kan dekka noko av vikarbehovet.

Hovudprioriteringar

I økonomiplandelen vil me jobba aktivt for å:

- Vidareutvikla ein barnehage til barnet sitt beste
- Etablera fleire barnehageplassar i sentrum
- Rehabilitera og få barnehagebygg tilpassa barnehagedrift

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	80 607	84 153	93 457	93 457	93 457	93 457
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 564	6 912	7 749	8 149	8 149	8 149
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	56 729	56 110	57 560	59 160	61 360	61 360
Overføringsutgifter	1 238	2 676	-374	-1 024	-1 024	-1 024
Finansutgifter	4 863	1 570	1 570	1 570	1 570	1 570
Sum Driftsutgifter	151 002	151 422	159 963	161 313	163 513	163 513
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-14 083	-15 236	-15 236	-15 236	-15 236	-15 236
Refusjoner	-10 698	-5 671	-5 455	-5 455	-5 455	-5 455
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-264	-1 622	0	-1 507	-1 507	-1 507
Sum Driftsinntekter	-25 045	-22 529	-20 691	-22 198	-22 198	-22 198
Sum	125 957	128 892	139 272	139 115	141 315	141 315

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostr gr
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørsle	Andel ansatte med barnehagelærerutdanning i forhold til landsgjennomsnittet	127,00				
		Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år(B)	87,0 %				83,4 %
		Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år(B)	98,0 %				97,1 %

Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørsle

Sikra at barn og unge utviklar dugleikar for å møte framtida

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		128 892	128 892	128 892	128 892
Sum Tekniske justeringar		-175	-175	-175	-175
Vedtak førre periode					
2.3 Auke i lønsmidlar barnehagar	Oppvekst	2 200	2 200	2 200	2 200
2.4 Driftstilskot private bhg.	Oppvekst	0	1 600	3 800	3 800
Sum Vedtak førre periode		2 200	3 800	6 000	6 000
Sum Budsjettendring i år		900	900	900	900
Sum Lønns- og prisvekst		1 830	1 830	1 830	1 830
Konsekvensjustert budsjett		4 755	6 355	8 555	8 555
Konsekvensjustert ramme		133 647	135 247	137 447	137 447
Politisk vedtak					
Mellombels barnehage på Bolstad	Oppvekst	500	900	900	900
Sum Politisk vedtak		500	900	900	900
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav barnehage	Oppvekst	-650	-1 300	-1 300	-1 300
Sum Innsparingstiltak		-650	-1 300	-1 300	-1 300
Nye tiltak					
Andre tiltak	Teknisk	5 774	4 267	4 267	4 267
Sum Nye tiltak		5 774	4 267	4 267	4 267
Nye tiltak og realendringar budsjett		5 624	3 867	3 867	3 867
Ramme 2020-2023		139 272	139 115	141 315	141 315

Vedtak førre periode

2.3 Auke i lønsmidlar barnehagar

Ny forskrift om norm for pedagogisk bemanning trer i kraft frå 1.8.2018 og seier i hovudsak at ein må ha meir pedagogisk peronale i barnehagane i høve til tal barn over og under tre år.

Samla behov for 7 nye årsverk i kommunale barnehagar.

Overgangsordning gjer at barnehageeiare har frem til 1. august 2019 til å oppfylle kravet til minimumsbemanning.

2.4 Driftstilskot private bhg.

Grunna auke i stillingar for kommunale barnehagar vil vi ha ei tilsvarande auke i driftstilskot til private barnehagar. Dette kjem i 2020-2021.

Overgangsordning gjer at barnehageeiare har frem til 1. august 2019 til å oppfylle kravet til minimumsbemanning. Dermed vil tiltaket påvirke dei private barnehagane frå 1. august 2021.

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav barnehage

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % frå 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000 Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Barnehage					
Barnehage Granvin	23 750	23 750	0	0	47 500
Bolstad barnehage	3 125	0	0	0	3 125
Sum Barnehage	26 875	23 750	0	0	50 625
Sum investeringsprosjekter	26 875	23 750	0	0	50 625

Barnehage Granvin

Ny barnehage i Granvin. Rådmann legg fram tilråding om alternativet med ny barnehage i Bygdatunet med 84 plassar. Link til sak med ulike alternativ:

<https://innsyn.onacos.no/granvin/wfdocument.ashx?journalpostid=2019002838&dokid=80895&versjon=2&variant=A&>

Bolstad barnehage

Mellombels barnehage, Bolstad.

Barne- og familietenestene

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon. I tillegg tilbyr tenesta støttefunksjonar til grunnskule, barnehage og integrering.

Støttefunksjonarne er:

- Kommunale logopedar, to foreldretreningsterapeutar (PMTO) og Meistringsteam, organisert under PPT.
- Familiesenter med to terapeutar og ein miljørarbeidar, organisert under barnevernet.
- Kommunepsykolog, organisert under Helsestasjonen

Støttetenestene og barnevern har ansvar for å gje hjelpetenester til born og unge i alderen 0 – 23 år. I tillegg skal dei yta hjelp til føresette til born og unge.

I løpet av 2021 er det planlagt samlokalisering av Støttetenestene i ”Knutepunktet Familiens hus”

Utfordringar og strategi

Støttetenestene skal samlokalisera i ”Knutepunktet familiens hus” frå hausten 2021. Fram mot dette skal det arbeidast for å skapa ein felles kultur med brukar i sentrum av tenestene. Det betyr at arbeidet må organiserast rundt barnet eller familien sine behov der det skal skapast parallelle og godt koordinerte tenester på tvers av fagprofesjonar, med ”rett hjelp til rett tid”.

Det har vore store avvik mellom budsjett og rekneskap innan tenesteområdet dei seinare åra. Både nasjonalt og lokalt har det har vore ein stor auke i meldingar til barnevernet og at hovuddel av tida har gått til å gjera lovpålagte oppgåver. Det vil vera avgjerande for ei god teneste i framtida at det vert bygt eit system som klarar å dreia arbeidet frå ”brannslukking til førebygging”.

Fleire born bør få hjelp på eit tidlegare tidspunkt enn dei gjer i dag og det kan føra til at tidsperioden dei treng hjelp vert kortare enn den er i dag. Det er eit mål at born får hjelp heime i sitt nærmiljø og at færre treng institusjonsplass.

Det samla tenestetilbodet til barne- og familietenestene (barnevern, helsestasjon, kommunepsykolog og ppt) må utviklast og byggjast rundt barnet sitt behov og det må vera eit mål å auka hjelpa ute i skulen og barnehagen slik at Voss herad kan lukkast betre med sitt førebyggande arbeid.

Det er eit mål at det i Voss herad vert færre sakkunnige uttalar og at arbeidet vert meir dreia mot systemarbeid og tilpassa undervisning. Dersom barne- og familietenestene kan koma inn og gje hjelp på systemnivå og støtta dei tilsette i skule og barnehage, kan det bli betre tilpassingar og mindre spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og enkeltvedtak.

Hovudprioriteringar

I økonomiplandelen vil me arbeida aktivt for:

- Tidleg inn med hjelp til born/unge og føresette
- Lågterskeltilbod i barnevernet
- Digitalisering og effektivisering
- Auka tverrfagleg samarbeid og forbetra arbeidsprosessar

Særskilt for 2020

Barnevernet

Planlagt bemanninga for 2020 ligg høgre enn budsjett 2019. Det er eit mål at barnevernet på sikt kan arbeida meir førebyggjande med å gje rettleiing til foreldre. Dette vil på sikt føre til mindre bruk av ressursar på å kjøpa tenester eksternt.

Barnevernsvakt

Frå 1.01.2020 er alle kommunar pålagt å ha barnevernsvakt. Per i dag må folk ringe politiet om born er utsett for noko som krev ein reaksjon med ein gong. Barnevernsvakt er ei teneste som er krevjande for små kommunar å drifta. Voss herad må difor anten kjøpe tenester hjå Bergen eller samarbeida med andre kommunar for at ikkje dette skal vera for kostbart.

Kommunepsykolog

Frå 1.01.2020 er alle kommunar pålagt å ha kommunepsykolog. Det er naudsynt å bygga opp eit fagmiljø kring psykologar i Voss for å skape kontinuitet i tenesta. Heradet er derfor i dialog med BUP og nabokommunane om mogeleg samarbeid. Rådmannen vil også vurdere korleis det kan leggast til rette for at Voss kan vera ein attraktiv arbeidsplass for psykologar. Dette handlar mellom anna om variasjon i arbeidsoppgåver og om høve for å ta spesialisering.

Voss herad vil før nyttår lysa etter nye kommunepsykologar med mål om tilsetjing på nyåret.

Meistringsteam

I løpet av hausten 2019 er tre personar tilsett i meistringsteamet. Dei arbeider førebyggjande inn mot elevar i skulen og er eit team som ambulerer rundt på skular etter innmeldte behov. Meistringsteamet er organisert inn under PPT. Dette er ein hovudårsak til at lønsbudsjettet til PPT er heva mykje samanlikna med tidlegare.

Tidleg innsats og førebygging

Bemanningsnorm i barnehage og lærarnorm i skulen skal føre til betre oppfølging av det einskilde barn. Viktigare enn barnehage og skule, i det førebyggande arbeidet, er foreldre. Det skal satsast på å auke

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

fokuset på førebygging og rådgjeving til foreldre. Helsestasjonen driv med kursing og rettleiing av foreldre. Det har vore krevjande å rekruttere helsejukepleiarar. Heradet vil nytte ressursane til helsestasjonen til førebygging gjennom jordmødre eller sjukepleiarar dersom me ikkje klarar å rekruttere nok helsejukepleiarar.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	55 097	49 599	53 249	52 528	51 518	51 518
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 811	9 159	9 159	9 880	10 890	10 890
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 180	6 159	6 159	6 159	6 159	6 159
Overføringsutgifter	7 086	5 048	5 048	4 798	4 798	4 798
Finansutgifter	795	117	117	117	117	117
Sum Driftsutgifter	81 968	70 081	73 731	73 481	73 481	73 481
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-288	-389	-389	-389	-389	-389
Refusjoner	-26 804	-17 524	-16 225	-16 225	-16 225	-16 225
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-33	-100	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-27 124	-18 013	-16 614	-16 614	-16 614	-16 614
Sum	54 844	52 068	57 118	56 868	56 868	56 868

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørsle	Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn(B)	100,0 %				84,0 %
		Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder(B)	100,0 %				95,0 %
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn(B)	5,0 %				5,2 %
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn(B)	5,7 %				9,3 %
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn(B)	10,5 %				9,9 %
		Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt(B)	20,0 %				17,6 %
		Barn med tiltak institusjon, inkl. EM	11				1 237

Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørsle

Sikra tidleg innsats på tvers av tenestene

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	Avdeling	2020	2021	2022
Vedtatt budsjett		52 068	52 068	52 068
Sum Tekniske justeringar		1 397	1 397	1 397
Sum Budsjettendring i år		500	500	500
Sum Lønns- og prisvekst		740	740	740
Konsekvensjustert budsjett		2 637	2 637	2 637
Konsekvensjustert ramme		54 706	54 706	54 706
Innsparingstiltak				
Effektiviseringskrav barnevern og støttetenester	Oppvekst	-250	-500	-500
Sum Innsparingstiltak		-250	-500	-500
Nye tiltak				
Andre tiltak	Oppvekst	2 662	2 662	2 662
Sum Nye tiltak		2 662	2 662	2 662
Nye tiltak og realendringar budsjett		2 412	2 162	2 162
Ramme 2020-2023		57 118	56 868	56 868

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav barnevern og støttetenester

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % fra 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Integrering og vaksenopplæring

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar integreringsteneste, vaksenopplæring og spesialpedagogikk og butilbod for einslege mindreårige flyktningar (EM-tiltak).

Tenesteområdet har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningar busetter etter avtale med iMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet).

Utfordringar og strategi

Utfordringar for tenesta er å kvalifisere flyktningar med lite formalbakgrunn til norsk arbeidsliv. Kommunen har busett fleire flyktningar som har hatt lange opphold i flyktningleir, og som krev tettare oppfølging for å integrerast i det norske samfunnet. Ein stor del av dei busette er analfabetar.

Introduksjonsprogrammet er under revisjon, og det er uvisst korleis økonomien vert sett opp mot statlege krav til programmet i framtida. I tillegg har kommunen mange deltakarar med rettar til utvida opplæringsprogram. Det er ei aukande gruppe som ikkje vert ferdig kvalifisert i løpet av introduksjonsprogrammet, og dermed har trong for kommunal støtte.

EM-tiltaket skal etter planen byggast ned grunna låg busetjing av einsleg mindreårige. I dette arbeidet må ein ha fokus på den einskilde ungdom sitt behov for oppfølging.

Økonomien er utfordrande, då busetjinga varierer frå år til år.

Hovudprioriteringar

- Rådgjeving og koordinering av tenester til målgruppa
- Kvalifisering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet
- Busetjing i tråd med kommunestyrevedtak

Særskilt for 2020

Flyktningsituasjonen i verda er vanskeleg, og det er stor usikkerheit om kor mange flyktningar som kjem til Noreg i 2020, og kor mange som skal busetjast på Voss. IMDI har anmoda Voss herad om å ta i mot 30 flyktningar i 2020.

Regjeringa har ute på høyring ei ny integreringslov som mellom anna gjev busette flyktningar utvida rett til norskundervisning, og som legg sterkare sentrale føringar på innhaldet i introduksjonsprogrammet. Begge desse momenta kan gje utslag på økonomien i tenesteområdet.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	25 594	20 504	15 717	15 717	15 717	15 717
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 092	2 117	1 975	1 975	1 975	1 975
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	52	268	210	210	210	210
Overføringsutgifter	152	72	130	-3 670	-3 870	-3 870
Sum Driftsutgifter	27 921	22 961	18 032	14 232	14 032	14 032
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-430	-390	-390	-390	-390	-390
Refusjoner	-6 908	-8 248	-5 365	-5 365	-5 365	-5 365
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 918	-898	-800	-1 698	-1 698	-1 698
Sum Driftsinntekter	-9 256	-9 536	-6 555	-7 453	-7 453	-7 453
Sum	18 665	13 425	11 476	6 778	6 578	6 578

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvar dagen og har fleiere aktive leveår med god helsa og trivsel	Andel personar som er vidare i jobb og/eller utdanning etter introduksjonsprgram	68,0 %				

Alle opplever tryggleik, meistar kvar dagen og har fleiere aktive leveår med god helsa og trivsel

Jobba for eit inkluderande arbeidsliv og tilrettelagde arbeidsplassar

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling		Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		13 425	13 425	13 425	13 425
Sum Tekniske justeringar		2 150	2 150	2 150	2 150
Vedtak førre periode					
2.8 Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	Oppvekst	-1 400	-5 200	-5 400	-5 400
2.9 Utgiftsreduksjon knytt til introlønn grunnet færre flyktninger	Oppvekst	-3 200	-3 200	-3 200	-3 200
Sum Vedtak førre periode		-4 600	-8 400	-8 600	-8 600
Sum Lønns- og prisvekst		121	121	121	121
Konsekvensjustert budsjett		-2 328	-6 128	-6 328	-6 328
Konsekvensjustert ramme		11 096	7 296	7 096	7 096
Innsparingstiltak					
Andre tiltak	Oppvekst	-634	-634	-634	-634
Sum Innsparingstiltak		-634	-634	-634	-634
Nye tiltak					
Andre tiltak	Oppvekst	1 014	116	116	116
Sum Nye tiltak		1 014	116	116	116
Nye tiltak og realendringar budsjett		380	-518	-518	-518
Ramme 2020-2023		11 476	6 778	6 578	6 578

Investeringsbehova hjå Kultur og fritid er i alle hovudsak tett knytt opp mot drifta og er naudsynte for å gje gode tenester. Ut over dette ligg Gamlekioen i løypa for ei stor renovering. Dette prosjektet er i gang og vil bli prosjektert og planlagt i planperioden.

I tillegg til eigne investeringar går tildeling av midlar til Vossabadet KF og Kyrkjya og andre livssynssamfunn via Kultur og fritid.

Helse

Skildring av dagens verksemd

Helsetenestene i Voss herad omfattar førebygging, kommunalt legekontor og legevakt.

Samhandlingsreforma skildrar kommunane sitt ansvar for innbyggjarane, me skal驱va førebygging, behandling og rehabilitering. Me skal驱va med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggande og fører til at innbyggjarane meistrar lidningar som ikkje kan behandlast. Dette er i tråd med primærhelsemeldinga. I samband med opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering i kommunane, lyt me ruste oss for å overta fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta og med dette styrka rehabiliteringstilbodet i heradet.

Utfordringar og strategi

Effektiv rehabilitering er viktig for å gje tenestemottakarane moglegheita til å bu i eigen heim og leve sjølvstendige liv så lenge som mogleg, slik dei sjølv ynskjer. Effektiv rehabilitering krev tverrfaglege, koordinerte tenester og god dialog mellom tenesteytarane. Me vil jobba vidare med å utvikla dette og bygge vidare på den gode kompetansen som ein har på rehabiliteringsavdelinga på Hagahaugen. Kvardagstrening og meistring er like viktig som trening med terapeutar, og me skal i samråd med tenestemottakar vurdera behov og funksjon, og setje mål for rehabiliteringa.

I tida framover er det viktig å sikre god kapasitet til å kunne gi høg terapitettleik og danne eit godt grunnlag for treningsintensitet. Den tverrfaglege tilnærminga gir oss dei nødvendige angrepssinklane for å arbeide med funksjonsforbetring. For å få til ei effektiv rehabilitering må me styrka kompetanse på natt med sjukepleiarressurs, og me lyt ha tilstrekkeleg legeressursar på plass. Me må planlegga for legebemanning i tråd med nasjonale føringar.

Fysioterapi og ergoterapi er sentralt i det førebyggjande arbeidet i heradet. Dekninga av fysioterapi i Voss Herad ligg om lag på landsgjennomsnittet, men ein ser likevel behov for å auke denne tenesta då både dei privatpraktiserande og dei kommunale har utfordringar med lange ventelister. Eit anna tiltak er å auke fokuset på meir hjelp til sjølvhjelp, meistring og trening, og mindre behandlingsfokus. Alle som kan nyttja seg av kvardagsrehabilitering skal få tilbod om dette.

Me må ha fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering. Avdeling for helsetenester vil greie ut vidare og sette i gong med slike tilbod. Det er areal tilgjengeleg på Hagahaugen som i større grad kan nyttast til slikt føremål.

Me skal aktivt samarbeida med Nabobeino om rekruttering av frivillige.

Støttekontaktenesta skal i større grad jobba grupperelatert og jobba for å gi ei meiningsfull fritid til dei som har behov for dette.

Miljøretta helsevern omfattar godkjenning, tilsyn, rådgjeving og rettleiing i høve til kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Innan dette feltet har me ressursar som kan delast med omkringliggende kommunar, og vil jobba for å utvikle samarbeidet.

Det vert stilt strengare krav til innhaldet i dei kommunale legetenestene, spesielt innan akuttmedisin - legevakt, samtidig som det er utfordring med rekruttering. Dette har gjort at kostnadsnivået har auka

betydeleg siste åra og det er utfordrande å dekke innafor budsjettramma. Me har mål om at fastlegar skal ha maks 1000 pasientar på liste.

Hjelpemiddelformidling er ein viktig del av rehabiliteringstilbodet til innbyggjarane i kommunen, og det er behov for nye lagerlokale.

Smittevernarbeidet har som mål å sikre innbyggjarane vern mot smittesjukdommar ved å førebyggje dei og motverke smitte. Med smittesjukdommar meinar me her alvorlege smittsame sjukdommar som er definerte som allmennfarlege sjukdommar.

Hovudprioriteringar

- Me skal driva med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggande og fører til at innbyggjarane meistrar lidinger som ikkje kan behandlast
- Alle som kan nytta kvardagsrehabilitering skal få tilbodet
- Utvikle effektiv rehabilitering
- Fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering

Særskilt for 2020

I tråd med Primærhelsemeldinga vil vi i 2020 auka satsinga og utvikla tiltak innan meistring, førebygging og rehabilitering.

- Dekninga innan legetenesta er knapp sett ut i frå sentrale anbefalingar, både når det gjeld kurativ legeteneste og andre kommunale legeoppgåver. Ressursane er auka noko i 2020, dette er likevel ikkje tilstrekkeleg.
- For å kunna gjera så smidig vedtakshandtering som mogleg for brukarar 0-18 år med samansette behov, er det planlagd for ei felles sakshandsaming med oppvekst. Dette skal vonaleg gje brukar og pårørande ei oppleveling av smidigare sakshandtering.
- Hjelpemiddelformidling og -kompetanse er ein viktig del av habiliterings- og rehabiliteringstilbodet. Både bruk av korttidshjelpe midlar og varige hjelpe midlar er aukande i kommunen i tråd med intensjonen om at innbyggjarane skal få bistand til auka funksjons- og meistringsnivå. Kommunen har tilsett eigen serviceteknikar til utrulling av alle typar velferdsteknologi. Me har også innført eigenbetaling for køyring av hjelpe midlar for å finansiera utgifter til formidling av korttidshjelpe midlar.
- Regeringa sin opptrapplingsplan for habilitering og rehabilitering rettar seg inn mot brukarar med funksjonsnedsetting som fylgje av fysisk sjukdom, uavhengig av alder, diagnose og bustad. Kommunen har vedtatt plan for habilitering og rehabilitering. Det vil jobbast med å skildra korleis måla frå prosjektplanen skal implementerast. Effekt av tiltaka er venta frå 2020.
- Det vert jobba med å få på plass miljøretta helsevern og kommunepsykolog. Det kan tenkjast at eit interkommunalt samarbeid på desse områda kan vera føremålsteneleg, då desse faggruppene i stor grad ynskjer å jobba i større fagmiljø.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	28 062	30 244	32 256	32 113	31 912	31 912
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	6 954	3 919	3 594	3 737	3 938	3 938
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23 227	21 323	21 338	21 338	21 338	21 338
Overføringsutgifter	927	630	360	110	110	110
Finansutgifter	1 256	0	700	700	700	700
Sum Driftsutgifter	60 426	56 116	58 248	57 998	57 998	57 998
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-3 301	-2 157	-2 280	-2 280	-2 280	-2 280
Refusjoner	-20 870	-19 253	-16 191	-16 191	-16 191	-16 191
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-50	-410	-410	-410	-410	-410
Sum Driftsinntekter	-24 221	-21 820	-18 881	-18 881	-18 881	-18 881
Sum	36 205	34 296	39 368	39 118	39 118	39 118

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett					
		34 296	34 296	34 296	34 296
Sum Tekniske justeringar		3 368	3 368	3 368	3 368
Sum Budsjettendring i år		900	900	900	900
Sum Lønns- og prisvekst		646	646	646	646
Konsekvensjustert budsjett		4 914	4 914	4 914	4 914
Konsekvensjustert ramme		39 210	39 210	39 210	39 210
Politisk vedtak					
Halda oppe lækjarkontor i Granvin 2 d/v	Helse og omsorg	300	300	300	300
Sum Politisk vedtak		300	300	300	300
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav helse	Helse og omsorg	-250	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak		-250	-500	-500	-500
Nye tiltak					
Andre tiltak	Kultur og fritid	107	107	107	107
Sum Nye tiltak		107	107	107	107
Nye tiltak og realendaringar budsjett		157	-93	-93	-93
Ramme 2020-2023		39 368	39 118	39 118	39 118

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav helse

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % frå 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Omsorg

Skildring av dagens verksemd

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, aktiviseringstilbod, sjukeheimane og øyeblikkeleg hjelp-døgnopphald, samt tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylgjing. Institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

Utfordringar og strategi

Me skal i samsvar med politisk vedteken strategi dreia tenestene til meir bruk av heimetenester og mindre bruk av langtidsopphald i institusjon etter modell frå Granvin. Me innfører «Granvinsmodellen» i Voss herad. I denne modellen står brukar i sentrum der tenestene vert planlagd med fokus på ynskjer og behov og kva brukar kan gjera sjølv. Analyse av nøkkeltal for helse og omsorg syner at Voss har prioritert institusjonsdrift, og har høg dekning av institusjonsplassar samanlikna med kommunegruppe 11. Samstundes er heimebaserte tenester tilsvarande lågare prioritert. Det er behov for å nytta institusjonsplassane me har i dag, i større grad til korttidsopphald. Det er uklart kor stort behovet vil vera i framtida. Dette arbeidet er under utgreiing.

Voss herad skal ha god nok kapasitet i sjukeheim, både korttid og langtidsopphald. Meir bruk av korttidsopphald kan styrka brukarane slik at dei kan bu lengre i eigen heim, fungera som avlastning for pårørande, rehabilitering grunna funksjonsfall og behov for medisinsk oppfylgjing. Langtidsopphald vert tilbydd når det vert behov for det, og i tråd med forskrifta for tildeling av dette.

Heradet vil endra tildelingspraksis frå bestillar-utførar modell til vedtak tildelt i dei ulike områda. Modellen er under utprøving i form av ein pilot og etter kvart vil fleire prosjekt vert sett i gong. Slik at me får testa ut kva for ein modell som er den beste i framtida. Tilsette skal ha medverknad på korleis dette arbeidet vert konkludert.

Dagtilbodet og dagplassstilbodet er ein viktig del av det kommunale omsorgstilbodet i Voss herad. Her er dagaktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne, personar med psykisk liding, eldre og for menneske med demens. Dagtilbodet og dagplass skal stimulera til ein meiningsfull kvardag med fokus på aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær. Nasjonale og internasjonale undersøkingar visar at spesielt tilrettelagte dagtilbod og dagplass både er eit godt tilbod til den einskilde og det kan vere ein kostnadseffektiv måte å tilretteleggja tenesta på.

Avlasting er eit førebyggjande tidsavgrensa tilbod til omsorgspersonar med særleg tyngande omsorgsarbeid for heimebuande, både born, unge og eldre. Tilbodet skal gje omsorgspersonane avlastning, og gje omsorgspersonane mogelegheit til blant anna avlasting, å ha fritid og delta i blant anna sosialt liv.

Dei nye omsorgsbustadane på Lundhaugen og Udlabutomta, er bustader som innbyggjarar med ulike behov vil nyta godt av. Dei fleste bebuarane vil ha eiga bemanning i sine bustader, nokon vil ha heimeteneste som tenesteytar. I fylgje kostra tal er det eit behov for fleire slike bustader i Voss herad.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den einskilde brukar i større grad kan oppleve eigenmestring, tryggleik og auka livskvalitet. Alle ynskjer å klare seg mest mogeleg sjølv, og kunne bu i

eigen heim. Dette er tidkrevjande arbeid og tiltaka rettar seg mot både brukarar av teneste og tilsette som yter tenester. Det er ei omlegging som påverkar arbeidsprosessane i omsorgssektoren.

Voss herad skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt. Leiarane skal ha god kompetanse til å styra sine avdelingar. Det gjeld både fagleg høg kunnskap, leiarkunnskap og økonomisk kunnskap. Budsjetta må vera realistiske. Leiarane skal fokusera på medverknad og informasjon, både med brukarar, pårørande og tilsette. Me skal ha fokus på å rekruttera alle typar yrkesgrupper me har behov for framover. Dette kan me best gjera gjennom å byggja sterke fagmiljø innan alle yrkesgrupper.

Hovudprioriteringar

- Voss herad vil dei nærmaste åra dreia tenestene frå institusjonsbaserte til meir bruk av heimeteneste
- Endra tildelingspraksis frå bestillar-utførar modell til vedtak tildelt i dei ulike tenesteområda
- Helse, omsorg og sosial opplever vekst i brukaretterspurnad. Me må ha fokus på å bli meir effektive når me hjelper brukarar i periodar, for så å avslutta vedtaka der det er mogleg
- Tilby dagtilbod og dagplass som skal stimulera til ein meiningsfull kvardag med fokus på aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær
- Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologienester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø

Særskilt for 2020

- Heradet vil i 2020 endra tildelingspraksis for pleie og omsorgstenester. Fleksibel bruk av institusjonsplassar vert eit viktig supplement då me meir effektivt kan hjelpe gjennom å gje korte opphold i institusjon.
- Helse og omsorg vil starte ei prøveordning med bruk av vikarpool innan Område Vest i 2020.
- Det har den siste tida kome informasjon om at Helse og omsorg vil få fleire brukarar med omfattande ressursbehov dei komande åra. Dette må innarbeidast i budsjettet gjennom prioriteringar.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan				
			2018	2019	2020	2021	2022
Driftsutgifter							
Lønn		352 078	353 423	376 458	378 310	377 890	377 890
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon		48 803	37 031	39 742	37 520	37 940	37 940
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon		12 424	11 763	10 426	10 426	10 426	10 426
Overføringsutgifter		7 905	5 535	5 500	5 800	8 800	8 800
Finansutgifter		10 645	7 466	7 466	7 466	7 466	7 466
Sum Driftsutgifter		431 855	415 218	439 591	439 521	442 521	442 521
Driftsinntekter							
Salgsinntekter		-38 951	-37 236	-37 592	-37 592	-37 592	-37 592
Refusjoner		-41 896	-36 955	-40 535	-40 535	-40 535	-40 535
Overføringsinntekter		-663	-5	-5	-5	-5	-5
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner		-4 179	-140	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter		-85 689	-74 336	-78 132	-78 132	-78 132	-78 132
Sum		346 166	340 882	361 460	361 390	364 390	364 390

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn.	Kostr gr
Attraktive Voss	Leggja vekt på innbyggjarane sine eigne ressursar og erfaringar	Tal heimebuande brukarar som får tildelt og gjennomfører tenesta kvardagsrehabilitering						
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.							
Innovative Voss	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester	Evaluere vedtak etter ei viss tid	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %		

Middel for å nå måla

Voss skal vera eit herad det er godt å verta gamal i. Me ynskjer at alle skal leva aktive og sjølvstendige liv også når helsa sviktar. Førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er viktige tiltak for å nå måla. Når innbyggjarane har behov for omsorgstenester skal dei få tilbod om tenester som er av god kvalitet. Tenestene skal vera i kontinuerleg utvikling bygd på kunnskapsbasert praksis. Me skal delta i forsking og bidra til forsking på ulike nivå.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		340 882	340 882	340 882	340 882
Sum Tekniske justeringar		1 013	1 013	1 013	1 013
Vedtak førre periode					
3.08 Større pleiebehov MNF og ambulerande team	Helse og omsorg	0	-500	-500	-500
3.1 Drift av kommunalt kjøkken	Helse og omsorg	0	2 500	5 500	5 500
3.10 Auka omfang dagtilbod, MNF og eldre	Helse og omsorg	0	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Vedtak førre periode		0	1 000	4 000	4 000
Sum Budsjettendring i år		8 800	8 800	8 800	8 800
Sum Lønns- og prisvekst		4 116	4 116	4 116	4 116
Konsekvensjustert budsjett		13 930	14 930	17 930	17 930
Konsekvensjustert ramme		354 812	355 812	358 812	358 812
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav omsorg	Helse og omsorg	-1 700	-3 400	-3 400	-3 400
Omlegging frå inst. til heimeteneste, inkl overflytting frå aldersheimen og bemanning av oms.bustader Udlabutomta	Helse og omsorg	0	-3 000	-3 000	-3 000
Reduserte vaskeriutgifter	Helse og omsorg	-100	-100	-100	-100
Sum Innsparingstiltak		-1 800	-6 500	-6 500	-6 500
Nye tiltak					
Dagtilbod, justering ved innlemming i rammetilskot	Helse og omsorg	410	410	410	410
Nye brukarar med omfattande hjelpebehov	Helse og omsorg	2 500	2 500	2 500	2 500
Omlegging frå inst. til heimeteneste, inkl overflytting frå aldersheimen og bemanning av oms.bustader Udlabutomta	Helse og omsorg	0	3 630	3 630	3 630
Andre tiltak	Teknisk	5 538	5 538	5 538	5 538
Sum Nye tiltak		8 448	12 078	12 078	12 078
Nye tiltak og realendaringer budsjett		6 648	5 578	5 578	5 578
Ramme 2020-2023		361 460	361 390	364 390	364 390

Vedtak førre periode

3.08 Større pleiebehov MNF og ambulerande team

Auke med 500 000 frå tidl.øk.plan pga auka brukarbehov, både tal og omfang. Vekst kjem i hovudsak frå at brukargruppa lev lenger og får aldersrelaterte utfordringar og tilflyttarar.

3.1 Drift av kommunalt kjøkken

Drift av kommunalt kjøkken ved Vetleflaten. Årlege driftsutgifter vil auke med mellom 5,5 og 8 mill. kr avhengig av løysingsval for produksjonsmetode og servering.

3.10 Auka omfang dagtilbod, MNF og eldre

Styrking av dagtilbod til og med 2020. Det er behov for ytterlegare styrking av denne tenesta for å utsetje og redusere behov meir omfattande pleietenester.

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav omsorg

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % fra 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Reduserte vaskeriutgifter

Betre avtale inngått i 2018.

Nye tiltak

Omlegging frå inst. til heimeteneste, inkl overflytting frå aldersheimen og bemanning av oms.bustader Udlabutomta

Ekstra bemanning	5 151 965	Tiltak med auke på 254 (heimetenester)
Fråtrekk Evanger aldersheim	3 000 000	Tiltak med reduksjon på 253 (institusjon)
Endring	2 151 965	
Husleige aldersheim	1 521 721	Eventuelt tiltak med reduksjon på 261

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Investeringsprosjekter Omsorg					
24. Velferdsteknologi Helse og omsorg	2 500	0	0	0	2 500
5. Utstyr og tekniske installasjoner innan pleie og omsorg	750	750	750	750	3 000
6. Nye tenestebilar årleg Helse og omsorg	700	700	700	700	2 800
Kommunalt kjøkken	0	42 500	0	0	42 500
Ventilasjon vetleflaten	1 000	0	0	0	1 000
Sum Omsorg	4 950	43 950	1 450	1 450	51 800
Sum investeringsprosjekter	4 950	43 950	1 450	1 450	51 800

24. Velferdsteknologi Helse og omsorg

Velferdsteknologi er brukarretta teknologi for tryggleik, auka sjølvstende, medbestemming og betre livskvalitet. Velferdsteknologi kan gi økonomiske vinstar på millionbeløp som kan omdisponerast til bl.a. andre tenester for meir kravande brukarar. Vinstane kan realiserast gjennom auka kapasitet med eksisterande ressursar, redusere etterspurnad etter tenester frå brukar, eller redusere tidsbruk og dermed ressursbehov/bemanning for enkelte tenester. Dette er eit naudsynt tiltak for å handtere utfordringar i framtida.

5. Utstyr og tekniske innstallasjonar innan pleie og omsorg

Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg.

Kommunalt kjøkken

Levekår i Voss kommune gjorde 06.04.17 politisk vedtak på å servera lokalprodusert middag til bebuuarar på sjukeheim, i omsorgsbustader og heimebuande som treng det. Investeringsbehov er noko usikkert og avhengig kva løysing ein vel om lokalisering og produksjonsmetode. Rådmannen sitt framlegg er lagt fram med eitt sentralkjøkken.

Ventilasjon vetleflaten

Rehabilitering av ventilasjonsanlegg på Vetleflaten. Rehabilitering tinghus vert erstatta med dette tiltaket i 2020.

Sosialtenester

Skildring av dagens verksemd

Sosialtenestene i Voss herad omfattar rus og psykiatri, NAV og integreringstenester. Arbeid med å styrke samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet er sett i gong. Det er forventa at brukarane vil oppleve ei samanhengande teneste når dette er satt i system.

Utfordringar og strategi

Bustadsosial handlingsplan skal implementerast i alle einingar og vera med syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk med mål om at alle skal ha ein tenleg bustad. Det vert jobba for å styrke samarbeidet mellom Nav og barnevernstenesta om gruppa unge mellom 18-25 år som har budd i fosterheim eller barneheim.

NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid. I mål- og disponeringsbrevet frå direktoratet heiter det at prioriterte grupper er ungdom under 30 år, innvandrarar som kjem frå ikkje-EØS land og personar med nedsett arbeidsevne.

Tiltak for dei prioriterte gruppene:

Kommunen har starta ein samarbeidsprosjekt med Kirkens Bymisjon om følgande:

1. Arbeidstilbod til rusavhengige. Eit samarbeid med NAV, kommunen, frivillige lag/organisasjonar, og private.
2. Skattkammeret. Fattigdomsprosjekt, utstyrssentral, materiell og samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
3. Ungdomsteam.

Data frå dei siste åra syner at mange personar med ruslidning og psykiske lidingar har utfordringar når det kjem til levekår. Dette gjeld blant anna det å ha meiningsfull aktivitet i kvardagen, god fysisk og psykisk helse, trygg bustad, oppleving av å fungera sosialt og tilstrekkeleg nettverk. Personar med både ruslidning og psykisk liding er spesielt utsett. Forsking viser at faktorar som arbeid og bustad er viktige for betring av liding og livskvalitet.

Det er starta eit samarbeid med Bjørkeli DPS om individuell jobbstøtte (IPS). Målet er å få personar med psykisk liding ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltakspllassar.

Digisos (digital søknad om økonomisk sosialhjelp) vart innført i april 2019. Dette er ei effektiv digital plattform for brukarane og dei tilsette i NAV.

NAV og integreringstenesta arbeider i eit tett samarbeid for å få flyktingar raskare i arbeid. Her er starta eit IMDI-initiert samarbeid "Voss for alle" der i tillegg til dei nemnde òg vaksenopplæringa er med. Voss herad skal laga tilbod til dei som er lengst unna arbeidslivet, spesielt innvandrarkvinner. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

Det er også starta eit eige prosjekt som skal implementerast som arbeidsmetode, retta inn mot store barnefamiliar med sosialhjelp som hovudinntekt. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

Hovudprioriteringar

- Bustadsosial handlingsplan skal implementerast i alle einingar og vera med syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk med mål om at alle skal ha ein tenleg bustad
- NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid
- Tidleg innsats er viktig for å førebygga alvorleg psykisk liding og rusliding. Rus og psykiatritenesta vil satse på lågterskeltilbod for å nå fleire
- Skapa eit tettare samarbeid med integreringstenesta for å få busette flyktningar raskare i arbeid.

Særskilt for 2020

Det er planlagt for å setja i verk ulike tiltak for å få folk i arbeid i 2020. Tiltaka er individuell jobbstøtte (IPS), Kirkens bymisjon og innvandrarprosjektet. Målgruppene er innvandrar, psykisk sjuke og rusmisbrukarar. Nav har kartlagt bedrifter i regionen, det er mange aktuelle bedrifter som er positive til dette arbeidet i regionen, men det fordrar eit stort oppfylgjingsarbeid frå kommunen i ein overgangsfase for den enkelte arbeidstakar.

Kommunen har tidlegare fått tilskot frå Husbanken som har blitt forvalta vidare som tilskot til innbyggjarar til etablering og tilpassing av bustad. Dette tilskotet er no innlemma i rammetilskotet som heradet får frå staten. Utbetaling av tilskot til innbyggjarar som fyller vilkåra for ordninga, er budsjettert til å vera 4 mill.kr i 2020.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	16 283	15 529	16 934	16 871	16 784	16 784
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 349	3 998	3 568	3 631	3 718	3 718
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 723	2 340	3 012	3 012	3 012	3 012
Overføringsutgifter	24 554	16 897	20 153	19 703	19 903	19 903
Finansutgifter	2 070	56	3 056	3 056	3 056	3 056
Sum Driftsutgifter	48 978	38 820	46 723	46 273	46 473	46 473
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-168	0	-600	-600	-600	-600
Refusjoner	-10 581	-2 604	-1 859	-1 859	-1 859	-1 859
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 447	-650	-3 050	-3 050	-3 050	-3 050
Sum Driftsinntekter	-15 196	-3 254	-5 509	-5 509	-5 509	-5 509
Sum	33 782	35 566	41 214	40 764	40 964	40 964

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostra gr
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel	Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid	15	15	15	15	
		Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri					

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		35 566	35 566	35 566	35 566
Sum Tekniske justeringar		996	996	996	996
Vedtak førre periode					
3.06 Sosial stønad flyktninger	Helse og omsorg	-320	-320	-320	-320
3.2 Rammekutt grunnet redusert integreringstilskot	Helse og omsorg	-1 500	-1 700	-1 500	-1 500
KST: Auka barnetillegg for familiar som mottekk sosialstønad	Helse og omsorg	600	600	600	600
Sum Vedtak førre periode		-1 220	-1 420	-1 220	-1 220
Sum Budsjettendring i år		1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Lønns- og prisvekst		757	757	757	757
Konsekvensjustert budsjett		1 533	1 333	1 533	1 533
Konsekvensjustert ramme		37 099	36 899	37 099	37 099
Politisk vedtak					
Barnetrygd ikkje med i inntektsgrunnlaget for sosialhjelp	Helse og omsorg	1 100	1 100	1 100	1 100
Sum Politisk vedtak		1 100	1 100	1 100	1 100
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav sosialtenester	Helse og omsorg	-250	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak		-250	-500	-500	-500
Nye tiltak					
Justere ramme tilskot bustad	Stab	2 677	2 677	2 677	2 677
Andre tiltak	Oppvekst	588	588	588	588
Sum Nye tiltak		3 265	3 265	3 265	3 265
Nye tiltak og realendringar budsjett		4 115	3 865	3 865	3 865
Ramme 2020-2023		41 214	40 764	40 964	40 964

Vedtak førre periode

3.06 Sosial stønad flyktninger

Større reduksjon enn tidlegare estimert. Oppdaterte prognosar tilseier større reduksjon enn lagt opp til.

3.2 Rammekutt grunnet redusert integreringstilskot

Ramma for helse og omsorg justerast i takt med reduksjon i integreringstilskot.

Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset i Voss, fritidsklubb i Granvin og ”Gryto”, utekontakten, edruskapsvern, museum, kino og kulturhus. Det vert også arbeidd med allmennkultur, idrettssaker, kulturminnevern, administrering av tilskot til frivillige lag og foreiningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn.

Utfordringar og strategi

Strategiar inn mot overordna målsettingar:

- Tenesteområdet Kultur og fritid gjer eit viktig bidrag inn mot det overordna målet for Voss herad om å skape eit sterkt regionsenter og levande bygder. Gjennom satsing på kreativ og nyskapande kunst og kultur, og god samhandling og tilrettelegging for frivillig sektor kan tenesta vere med å leggje grunnlag for eit inkluderande, innovativt og attraktivt samfunn.
- Det er eit overordna mål å leggja til rette for god folkehelse. Det er god helse i gode kulturopplevingar og særleg i tilrettelegginga for eit aktivt idretts- og friluftsliv.
- Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den einskilde, og det inneber at ein blir vand med å møte eit mangfold av meininger og ytringsformar. Slik kan kulturlivet fremje toleranse og forståing for andre, og skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn. Gode kulturopplevingar er vidare grunnleggjande for ei god samfunnsutvikling. I eit samfunn som stadig endrar seg raskare og som samtidig blir meir individualisert, er det viktig med fellesarenaer kor menneske kan møtast og dela opplevingar på tvers av kjønn, alder og sosial bakgrunn.
- Eit aktivt kulturliv er med på å leggja grunnlagfor økonomiske utvikling for Voss herad og for regionen. Som reiselivsdestinasjon treng Voss produkt som kan gje gode opplevingar for dei reisande. Dette gjeld både innanfor tradisjonell kunst og kultur, kulturminne og natur- og friluftsliv.

Hovudutfordringar

- Det har vore krevjande å få på plass ei berekraftig og stabil drift av Voss kulturhus.
- Det har vore utfordrande for fleire av tenestene å nå sine økonomiske mål. Det gjeld både kino og kulturhus generelt, men også i idrettsanlegga og Vossabadet.
- Det er ei utfordring både for fritidsklubbanne og for biblioteket å nå ungdommane med engasjerande tilbod.

Hovudprioriteringar

- Frivilligheten er ein hjørnesten for å sikra demokrati og aktive lokalsamfunn. Eit stabilt og godt samarbeid med det frivillige kultur- og lagslivet i kommunen skal sikrast og vidareutviklast. I samarbeid med frivilligheten kan heradet vera med å skapa større handlingsrom for aktivitetar, opplevingar og deltaking.
- Arbeid for born og unge er eit prioritert arbeidsområde. Det er viktig å arbeide på tvers av tenester for å sikra denne gruppa ei meiningsfull fritid. Born og unge er ulike og har ulike interesser. I Voss herad må finnast eit breitt fritidstilbod for å kunna møta ulike behov. Kulturskulen og biblioteket er berebjelkar, og saman med idretten og fritidsklubbanne byggjer dei

viktige råmer rundt born og unge sine aktivitetar i fritida. Det skal etablerast ungdomsråd i den nye kommunen slik at det vert lagt til rette for aktiv politisk deltaking blant born og unge.

Særskilt for 2020

Kulturskulen

Kulturskulane i Granvin og på Voss har hatt ulike nivå på eigendel for elevane. For å imøtekoma noko av utfordringa knytt til auken i eigendel for elevar frå Granvin, har ein vald å ikkje leggje prisvekst på eigendelen, men halda den på 2019 nivå for alle elevane.

Kulturskulen held fram med tilbod til dei minste borna gjennom prosjektet Nøringen.

Det blir budsjettert med 10 friplassar på kulturskulen frå hausten 2020. I tillegg vil ein søkje å få talet på friplassar opp ved hjelp av midlar frå Bufdir.

Kulturhuset

Det var eit mål då kulturhuset opna i 2011 at drifta skulle vere sjølvfinansierande. Dette har vist seg krevjande, og rådmannen legg difor opp til å budsjettera inntektene på eit meir realistisk anslag for 2020. Det er framleis eit mål å auka innteninga på drifta av kulturhuset, samtidig som organisasjonen i 2020 må å byggjast på nytt frå ein samlande kulturfagleg ståstad.

I 2020 vil ein kjøpe eksterne tekniske tenester til lyd og lys, i staden for å ha tilsett teknikar. Ordninga skal evaluerast før neste budsjettprosess.

Vossabadet

Vossabadet har hatt noko av dei same utfordringane som kulturhuset med høge forventningar til inntening. Det er difor lagt opp til noko auka grunnfinansiering også av Vossabadet.

Delar av finansieringa av driftstilskotet til Vossabadet og kulturhuset er knytt til at rådmannen avsluttar ordninga med internfakturering. Dette betyr at budsjetterte midlar til symjeopplæring på skulane er overført til Vossabadet, og budsjetterte midlar til leige av kulturhuset som møtelokale på andre kommunalområde, er overført til kulturhuset. I rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett er det lagt inn eit driftstilskot på 3,1 mill.kr til Vossabadet

Kulturminnearbeid

Avdelinga manglar ressursar og kompetanse på kulturminnearbeidet. Det er eit mål å styrka dette gjennom eit treårig prosjekt finansiert over avdelinga sitt budsjett, helst i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Hardanger og Voss museum.

Investering

Det er ikkje planlagt for ytterlegare investeringar i Gamlekinoen. Rådmannen vil nytta 2020 til å få oversikt over prosjektet og utarbeida ein restaureringsplan med kostnadskalkyle og finansieringsplan.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

I investeringsplan for 2020 er det lagt inn lånemidlar til nytt brannvern-/sprinklaranlegg på taket til Vangskyrkja. Dette prosjektet er også delfinansiert med tilskotsmidlar frå eksterne, men desse midlane vil bli dratt inn om Voss herad ikkje bidreg med eigenfinansiering i 2020.

Investering i bokbuss vil måtte avventa ny utgreiing. Sjå sak om utgreiing av vedtak frå Fellesnemnda.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter						
Lønn	25 477	26 547	25 679	25 679	25 679	25 679
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 429	9 282	10 157	10 157	10 157	10 157
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	850	1 335	932	932	932	932
Overføringsutgifter	25 941	18 011	20 960	20 560	20 560	20 560
Finansutgifter	12 082	6 533	6 533	6 533	6 533	6 533
Sum Driftsutgifter	75 779	61 709	64 262	63 862	63 862	63 862
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-13 020	-14 845	-13 659	-13 659	-13 659	-13 659
Refusjoner	-11 422	-1 567	-899	-899	-899	-899
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-642	-1 410	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-25 114	-17 821	-14 558	-14 558	-14 558	-14 558
Sum	50 665	43 888	49 704	49 304	49 304	49 304

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Gj.sn. Kostr gr
Attraktive Voss	Kultur-, idretts-, og foreningsliv styrker identitet, opplevelinger, bulyst, merkevare og verdiskaping.	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger					2 419
		Norsk kulturindeks	30	30	30	30	
	Voss herad er ein bærekraftig kommune, der det er lett å leva miljøvenleg	Besök i folkebibliotek, totalt antall besök	70 000	70 000	70 000	70 000	0
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsel	Elever i grunnskolealder i kulturskole, i %	19,0 %	20,0 %	21,0 %	22,0 %	15,4 %
		Årlig totalt besök i kommunalt drevne fritidssenter per 1000 innbyggere 6-20 år	4 500	4 500	4 500	4 500	
	Vossavangen er eit samlingspunkt og ei drivkraft for opplevelinger	Utleige Gamlekinoen, dager i året	85,0	85,0	85,0	85,0	
Innovative Voss	Voss herad og næringslivet saman stimulerer til nyskaping, innovasjon og entreprenørskap	Del av ebilettar av total selde billetter, i %	30,0 %	30,0 %	30,0 %	30,0 %	

Middel for å nå måla

Med utgangspunkt i dei overordna måla for Voss herad vil viktige verkemiddel for å nå desse måla vere knytt til følgjande satsingane:

- Kulturhuset vil vere dreiepunktet til verksemda i planperioden. Det er viktig at huset både blir drifta kostnadseffektivt og med høge faglege ambisjonar. Ei føresetnad er at samarbeidet med eksterne aktørar og frivilligheita får merksem og næring.
- Som eit verkemiddel i arbeidet med dei utvalde bærekraftmåla vil ein jobbe for:
 - Som ledd i å sikra bærekraftsmåla knytt til inkludering og utjamning, vil det bli utgreidd moglegitene for å innføra aktiviteskort/opplevingskort for barn og ungdom frå låginntektfamiliar.
 - Som ledd i arbeidet med bærekraftsmåla knytt til klima, vil me utvikla kulturenanaene og møteplassar og slik leggje til rette for gode kortreiste opplevelinger både innanfor kultur, idrett og friluftsfeltet.

Økonomiplan for Voss herad 2020-2023 med årsbudsjett 2020

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000	Avdeling	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Vedtatt budsjett		43 888	43 888	43 888	43 888
Sum Tekniske justeringar		135	135	135	135
Vedtak førre periode					
KST: Kulturskule, messingblås/korps i skulen	Kultur og fritid	300	300	300	300
KST: Vestnorsk kulturakademi	Kultur og fritid	50	50	50	50
KST: Vossababet drift	Kultur og fritid	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Vedtak førre periode		1 350	1 350	1 350	1 350
Sum Lønns- og prisvekst		608	608	608	608
Konsekvensjustert budsjett		2 093	2 093	2 093	2 093
Konsekvensjustert ramme		45 981	45 981	45 981	45 981
Politisk vedtak					
Tilskot festivalane	Kultur og fritid	150	0	0	0
Sum Politisk vedtak		150	0	0	0
Innsparingstiltak					
Effektiviseringskrav kultur og fritid	Kultur og fritid	-250	-500	-500	-500
Sum Innsparingstiltak		-250	-500	-500	-500
Nye tiltak					
5-årleg tilskot til Bygdeboknemnd	Kultur og fritid	100	100	100	100
Justere sjukelønsrefusjon kultur og fritid	Kultur og fritid	250	250	250	250
Komp.for reduserte inntekter Kulturhuset	Kultur og fritid	800	800	800	800
Kulturhus - endring frå lønsbudsjett	Kultur og fritid	450	450	450	450
Andre tiltak	Kultur og fritid	2 223	2 223	2 223	2 223
Sum Nye tiltak		3 823	3 823	3 823	3 823
Nye tiltak og realendringar budsjett		3 723	3 323	3 323	3 323
Ramme 2020-2023		49 704	49 304	49 304	49 304

Vedtak førre periode

KST: Kulturskule, messingblås/korps i skulen

Frå budsjettvedtaket 2019.

KST: Vestnorsk kulturakademi

Frå budsjettvedtaket 2019.

KST: Vossababet drift

Frå budsjettvedtaket 2019.

Innsparingstiltak

Effektiviseringskrav kultur og fritid

Det er lagt inn forventning om at tenesteområdet kan redusere netto driftsbudsjett med 0,5 % i 2020 og deretter 1 % fra 2021. Det vert opp til kvar eining i finne konkrete tiltak for å realisera effektiviseringskravet.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000 Investeringsprosjekter Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Brannsikring Voss kyrkje	3 750	0	0	0	3 750
Utskifting kinoframvisar	1 750	0	0	0	1 750
Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	5 500	0	0	0	5 500
Sum investeringsprosjekter	5 500	0	0	0	5 500

Brannsikring Voss kyrkje

Brannsikring med sprinkleranlegg i middelalderkyrkja, Voss kyrkje. Prosjektet er delfinansiert med 800 000 kr i tilskotsmidlar frå Riksantikvaren.

Utskifting kinoframvisar

Garantien som Voss kino har på digitalt utstyr går ut i januar 2021. Det er derfor behov for nytt utstyr, med ny garanti, for å unngå større risiko relatert til driftsstans. I tillegg vil ny kinoframvisar gje høgare kvalitet, som fører til kostnadsreduksjon knytt til forbruk av mellom anna energi.